


Samnanger kommune

Årsmelding frå einingane 2010



Einingane	sidetal
Interne tenester	2
Barnehage	8
Samnanger barneskule	12
Samnanger ungdomsskule	17
Kultur	22
Sosial- og helse	29
Teknisk eining	39
Pleie- og omsorg	47

Eining for interne tenester



Bemanning

Eininga har til saman 10,32 årsverk. 2010 var første heile driftsåret for eining for interne tenester, etter at eininga vart etablert hausten 2009.

Rekneskap

Eininga hadde eit samla overforbruk på om lag 600.000 kroner i 2010. Overforbruket skuldast at ei forventa/budsjettert innsparing på kommunen sine utgifter til avtalefesta pensjon på 670.000 kroner i 2010, ikkje vart oppnådd. Utanom dette hadde eininga ikkje overforbruk i 2010.

Sjukefråvær

Sjukefråværet i eininga i 2010 var på 1,5%.

Evaluering av eininga

Det vart hausten 2010 gjennomført ei evaluering av eininga. Evalueringa viste at etableringa av eininga har hatt både positive og negative effektar. Positive effektar er at politisk sekretæriat/fellestenesta og IKT-funksjonen har vorte styrka og at assisterande rådmann har fått frigjort tid til utviklings-/prosjektarbeid. Negative effektar er at økonomikontoret har fått større arbeidspress enn tidlegare, som følgje av overføring av oppgåver. Det er også vanskeleg å få frigjort tid til nødvendig utviklings- og prosjektarbeid i eininga, på grunn av at reine driftsoppgåver tek mykje av arbeidstida. Evalueringa tyder ikkje på at dei ytre einingane har merka særlege endringar som følgje av etableringa av eining for interne tenester hausten 2009.

Fellestenesta

Fellestenesta har 3,32 årsverk, fordelt på 5 personar. I februar 2010 fekk fellestenesta på plass avdelingsleiar i 60% stilling. Stillingsstorleiken til avdelingsleiar vert auka til 100% frå januar 2011.



Inngangspartiet på kommunehuset vart pussa opp 2010 med nye møblar, måling og informasjonsskjermer.

Tiltak/endringar i regi av fellestenesta i 2010:

- Avdelingsleiar i fellestenesta gjekk inn i funksjon som politisk sekretær/møtesekretær i kommunestyret og eldrerådet. I tillegg har ho også hjelpt til som sekretær i enkelte andre utvalsmøte.
- Informasjonsskjermer og nye møblar i inngangspartiet på kommunehuset. Inngangspartiet er også pussa opp.
- Fått på plass samarbeidsavtale med Bjørkheim Kro og Motell om levering av mat til politiske og administrative møte. Det er gode erfaringar med ordninga.

IKT

IKT-avdelinga har 2 årsverk, fordelt på 2 personar. I tillegg brukar også einingsleiar ein del av stillingsressursen sin på IKT. Det er også einingsleiar som er leiar for avdelinga.

Avdelinga fekk hausten 2009 utvida med ei 100 % stilling. Sidan Jostein Steinsland-Hauge var ute i foreldrepermisjon fram til mars 2010 var det ikkje to fulle stillingar i praksis før dette. Dei som jobbar på IKT-avdelinga har merka stor betring i arbeidstilhøva etter utvidinga - først og fremst kan desse fire punkta nemnast:

1. Brukarar får som regel raskare hjelp samanlinka med tidlegare
2. Ein får utvikla og driva drifta framover på ein god måte. Nye teknologiar kan prøvast ut og i mange høver fører dette til effektivisering og sikring av drifta.
3. Det er mogeleg å diskutere problemstillingar og løyse saker saman – ein kan gjerne seia at ein har fått eit “fagmiljø” innan IKT.
4. Med bakgrunn i førre punkt kan ein også seia at drifta er vorte både meir stabil og tryggare (tryggare i høve datatryggleik).

Nokre av dei større endringane/nye prosjekta IKT-avdelinga utførte/var med på å utføra i 2010:

- Ny webportal (websiteside) for Samnanger kommune. (Sjå og eige punkt om nye kommunale nettsider).
- Sikring av e-post/webmail med ny proxyserver (gjenbruk av gamal maskinvare med Linux/Unix i botnen)
- Ny backuppløysing til serverane vart kjøpt og sett i drift (Acronis bacup and recovery-programvare). Ny fysisk backupserver skal kjøpast inn i 2011 for å kunne handtera dei store datamengdene på ein fornuftig måte.
- Alle serverane var i løpet av 2010 virtualisert (prosjektet med å virtualisera servere byrja i 2008). Ein har no 3 fysiske serverar som kjører om lag 20 virtuelle serverar for å halda den daglege drifta i gang. I tillegg er det 3 ekstra fysiske serverar i drift for å kjøra tenester som ikkje bør virtualiserast (proxy, backup og offsite backup).
- Journalsystemet på legekantoret, Infodoc Plenario, vart skifta ut/oppdatert sommaren 2010. I samband med dette vart serverar, klient-PCar og skrivarar på Helsetunet skifta. I tillegg vart også servaren(e) flytta til kommunehuset for å samla drifta av alle serverar.

- I samband med sentrale føringar innan skule-IKT var det i 2010 innført FEIDE. Litt info om FEIDE:
 - Feide er det nasjonale identifiseringssystemet for skuleverket som departementet har vedteke innført for heile skulesektoren. For elevar og lærarar på skulane i Samnanger betyr dette enklare innlogging (“ein kode i mitt hovud”) til datasystema, samtidig som det gir tilgong til ei rekkje Feide-godkjente kjelder og program som vert nytta i opplæringa. Innføringa av Feide har vorte gjennomført som eit interkommunalt prosjekt i samarbeid med 9 andre kommunar. Brukarane vil ta i bruk Feide i løpet av første kvartal 2011.
 - I samband med omlegging av skuledomena til å støtta Feide var det også innført nytt e-postsystem for alle tilsette i skulesektoren. Her vert det no kjørt Exchange 2010 med aksess gjennom nettlesaren (såkalla “webmail”).

Økonomi og personalavdelinga

Økonomi og personalavdelinga har 4 årsverk, fordelt på 5 personar.

Tiltak/endingar i regi av økonomi- og personalavdelinga i 2010:

- Ytre Hardanger Bedriftshelseteneste vart valt som leverandør av bedriftshelsetenester for Fusa, Jondal, Kvam og Samnanger for perioden 2011 – 2012.
- Deloitte overtok som revisjonsselskap for kommunen frå 01.01.2010.
- Agresso vart alt som nytt økonomi og løns-/personalsystem for Fusa, Tysnes og Samnanger. Skal innførast i 2011 og 2012, som eit samarbeidsprosjekt mellom dei tre kommunane.

Andre tiltak gjennomført av eining for interne tenester i 2010

Nye kommunale nettsider

I oktober 2010 fekk kommunen nye nettsider. Nettsidene er laga i samarbeid med Acos AS og er bygd opp i ein såkalla LOS-struktur. Dette er ein felles informasjons- og navigasjonsstruktur for offentlege tenester, utarbeidd av Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi). Det er ulike meiningar om kor logisk LOS-strukturen er, men me valde i alle fall å bruka denne på dei nye nettsidene.

I den årlege kvalitetsundersøkinga for offentlege nettsider som vart gjennomført i oktober

2010, fekk Samnanger ein score på 68% (maksimal score er 100%). Dette var ei stor forbetring frå 2009, då Samanger fekk ein score på 39%.

The screenshot shows the official website for Samnanger kommune. At the top, there is a search bar and a navigation menu with items like 'Framsida', 'Tenester', 'Om Samnanger', 'Lokaldemokrati', 'Kommunal organisasjon', 'Innsyn/Postlister', 'Kontakt oss', and 'Sjølvettening'. Below the menu is a large banner image of people snowed out on a snowy slope. To the right of the banner is a 'Kan me hjelpa deg?' section with contact information: 'Ring 56 58 74 00', 'Telefon- og epostliste', and 'Nødtelefonar/vaktelefonar'. Below this are social media links for Facebook, Skjema, and Temasider/heyringar. The main content area is divided into several service categories: 'Barn og familie', 'Bustad og eigedom', 'Helse', 'Kultur og fritid', 'Omsorg, trygd og sosiale tenester', and 'Skule og utdanning'. At the bottom, there are sections for 'Aktuelt' (including 'Søknadsfrist for kulturmidlar 2011' and 'Frist for søknad om barnehageplass 2011/2012'), 'Svarvegar', and 'Hendingar'. The footer contains contact information for Samnanger kommune, Tyssevegen 217, 5650 Tysse, and lists the responsible editor and web editor.

Facebook

Kommunen fekk i 2010 eiga side på Facebook. Dette er tenkt som eit supplement til dei offisielle kommunale nettsidene og som ein måte å nå fram til og kommunisera med fleire grupper av innbyggjarar.



Innsyn og elektroniske tenester for innbyggjarar

Kommuneplanen listar opp fleire tiltak som skal leggja til rette for elektronisk kommunikasjon med innbyggjarane, mellom anna såkalla ”døgnopen kommune”. Dei nye nettsidene er eit steg på vegen mot målet, men mykje arbeid står att før målsettinga er nådd.

Som ein del av prosjektet med nye kommunale nettsider, vil det koma på plass utvida moglegheit for innsyn i den kommunale forvaltninga og elektroniske tenester for innbyggjarar i kommunen. I 2010 kom berre ny løysing for elektronisk postjournal på plass. Tenester som elektroniske søknadsskjema, publisering av politiske saksdokument etc kjem kjem på plass tidleg i 2011.

Måloppnåing:

I kommuneplanen til Samnanger er det lista opp ei rekkje mål og tiltak for kommuneorganisasjonen. Nedanfor følgjer oversikt over status per 31.12.2010 for ein del av tiltaka i planen som vedkjem eining for interne tenester.

Mål	
I Samnanger ønskjer me å ha eit aktivt folkestyre og engasjerte innbyggjarar	
Tiltak: Legg til rette for kommunikasjon mellom innbyggjarane og alle folkevalde, f.eks. ved at folkevalde er tilgjengelege på e-post/telefon/blogg.	Status: <ul style="list-style-type: none">(+) E-postadresser og telefonnummer til folkevalde er tilgjengelege på kommunen sine nettsider(-) Det er ikkje etablert blogg for folkevalde, men fleire av lokallaga har egne nettsider.
Tiltak: Gir informasjon i lokalavisa og på heimesida, for å sikra meiroffentlegheit og innsyn i den kommunale verksemda.	Status: <ul style="list-style-type: none">(+) Kunngjeringar, postlister og temasider vert lagt ut på kommunen sine nettsider.(+) Saklister og protokollar frå kommunestyret og hovudutvala vert lagt ut på kommunen sine nettsider.
Tiltak: Utviklar ”møteplassar” for dialog med innbyggjarane (døgnopen kommune - mellom anna ved aktiv bruk av internett).	Status: <ul style="list-style-type: none">(+) Kommunal Facebook-side etablert i 2010.

Mål	
I Samnanger ønskjer me å ha høg kvalitet på kommunale tenester	
Tiltak: Har god økonomistyring.	Status: <ul style="list-style-type: none"> • (+) Eige dataprogram for budsjettarbeid og budsjettoppfølging (Arena) har vore i bruk sidan 2009. • (+) Einingsleiarane avgir budsjettrapport seks gongar per år. • (-) Står att ein del arbeid med periodisering av budsjetterte utgifter
Tiltak: Vert gode på informasjon og meiroffentlegheit	Status: <ul style="list-style-type: none"> • (+) Nye kommunale nettsider lansert i 2010 gir utvida informasjon om offentlege tenester i forhold til dei gamle nettsidene. • (+) Informasjonsskjermer i inngangspartiet på kommunehuset. • (-) Det er ikkje utarbeidd strategi/tiltak knytt til meiroffentlegheit
Tiltak: Har gode rutinar og gir god informasjon i samband med handsaming av saker.	Status: <ul style="list-style-type: none"> • (+) Temasider på kommunen sine nettsidene om aktuelle saker (utbyggingsprosjekt, høyringar m.m.) • (+) Politiske saklister og møteprotokollar vert publisert på kommunen sine nettsider.
Tiltak: Er gode på internkommunalt samarbeid	Status: <ul style="list-style-type: none"> • (-) Ikkje formalisert samarbeid med andre kommunar innanfor interne tenester sine fagområde • (+) Gjennomført to felles innkjøpsprosessar med nabokommunar i 2010 (bedriftshelsetenester, økonomi og løns-/personalsystem).
Tiltak: Tilbyr konkurransedyktige vilkår	Status: <ul style="list-style-type: none"> • (+/-) Samnanger er ikkje lønsleiane for nokon grupper av tilsette i forhold til samanliknbare kommunar. Me klarar likevel å rekruttera og behalda tilsette innanfor dei fleste stillingsgrupper. • (+) Lønnsnivået for einingsleiarar i kommunen vart jamna ut i 2010. Mindre lønsskilnader mellom einingsleiarane no enn tidlegare. • (-) Utfordring å tilby konkurransedyktige vilkår til stillingsgrupper der me konkurrerer med privat næringsliv/tilsvarande om arbeidskraft
Tiltak: Utgir intern infoavis med fokus på felles mål og utvikling av verksemda.	<ul style="list-style-type: none"> • (+) Det vart gitt ut 4 utgåver av informasjonsavis for tilsette i 2010
Tiltak: Arrangerer felles velferdstilbod	<ul style="list-style-type: none"> • (-) Ikkje fellesarrangement for alle tilsette i kommunen i 2010 • (+) Alle tilsette har tilbod om gratis bading i symjehallen • (+) Mange tilsette deltok på Jentegangen i 2010

Mål	
Samnanger kommune skal ha eit godt omdøme	
<p>Tiltak: Informerer aktivt om kva kommunen gjer, både internt i kommuneorganisasjonen og til innbyggjarane.</p>	<p>Status:</p> <ul style="list-style-type: none"> • (+) Publisering av saklistar og møteprotokollar frå møte i kommunestyret og hovudutvala på kommunen sine nettsider. • (+) Temasider om aktuelle saker/prosjekt/høyringar på kommunen sine nettsider. • (+) Informasjonsavis for tilsette med 4 årlege utgåver. • (-) Det er ikkje etablert intranett for tilsette. Arbeid med dette vil truleg starta i 2011. • (-) Kommunen har ikkje lagt tenestebeskrivelsar for dei ulike tenestene ut på nettsidene. Abonnementsordning for tenestebeskrivelsar vil verta vurdert i løpet av 2011.



Forslag frå kantinegjengen på kommunehuset til fordeling av kaka

BARNEHAGEEINGA

Barnehageeininga har ein felles einingsleiar/ styrar . Kvar barnehage har ein assisterande styrar.

Nordbygda barnehage

Nordbygda barnehage er bygd i 1990 og har heile bygda som opptakskrins.

Hausten 2010 vart barnehagen utvida med ei avdeling, og me flytta ned ei gruppe i deler av Nordbygda skule.

Barnehagen er no godkjent for 40 plassar fordelt på 3 avdelingar.

Barnehagen tok imot:

16 barn i alderen 3 til 6 år

23 barn i alderen 0 til 3 år

Dråpeslottet

Barnehagen opna i desember 2008 og har heile bygda som opptakskrins.

Den er godkjent for 60 plassar for barn i alderen i 0 til 6 år fordelt på 4 avdelingar.

Barnehagen tok imot:

43 barn i alderen 3 til 6 år

20 barn i alderen 0 til 3 år

MÅL OG MÅLOPPNÅING

Barnehageeininga har to viktige hovudmålsettingar

- barnehageplass til alle
- gode tenester for våre brukarar der vår visjon framleis er :

Saman om ein god start

Barnehageplass til alle:

For å få plass til alle med rett til barnehageplass, leiger me lokale i Nordbygda skule til den eldste gruppa. Me ser at søkjarmassen vert yngre og fleire ønskjer full plass til barna sine etter avslutta svangerskapspermisjon.

Barnehageeininga har til saman 4 småbarnsavdelingar, likevel har me venteliste for dei som har fylt 1 år etter 31.08. 2010(garantidato)

Pr. definisjon har me nådd mål om full barnehagedekking ,sjølv om me har barn på venteliste.



Kvalitetsmål

I år har me ikkje hatt brukarundersøking, men me har framleis fokus på 3 betringsområde.

- Verte betre innan brukarmedverknad for både foreldre og barn
- Betre informasjon til føresette (her har me fått bildeskjermer på alle avdelingane. Slik at foreldra kan sjå barna i aktivitet)
- Betre språk og språkstimulering(kurs, kompetanseutvikling og refleksjon over eigen praksis.)
Aktiv bruk av snakkepakken (basispakke med språkstimulerande materiell)

Bruk av TRAS (kartleggingsverky for registrering av språk) slik at me saman med føresette kan setje inn tiltak.

Det er vanskeleg å sei om me har nådd måla , men me er på veg.

RESSURSBRUK

Me har klart å halda oss innafor budsjetterte rammer for barnehageeininga. Dette er siste året barnehagesektoren får øyremarka tilskot. Frå 2011 er tilskota lagt inn i kommunen sitt rammetilskot

På grunn av utvidinga i Nordbygda er det investert i nytt inventar både i det gamle bygget og i den nye avdelinga nede på skulen. Det vart gjort små endringar og lett rehabilitering då barnehagen overtok avdelinga nede på skulen.

Barnehagen mottok tilretteleggingstilskot frå NAV til hev/senkbare stallebord. Dette for å førebygge sjukefråvær på arbeidsplassen.

Sjukefråvær

Samla fråvær for barnehageeininga er på 6.4%. Langtidsfråværet er ikkje relatert til tilhøve ved arbeidsplassen.

Opplæring

Opplæring i regi av Midthordland skule og barnehageregion :

- Kursdag i september
Personalet delte seg på kurs med fokus på kompetanseheving i

språk og språkutvikling og barnemedverknad

- Leiarsamling i haust(2 dagar)
Einingsleiar og assisterande styrar

1. Stressmeistring i høve til klasseleiing/ gruppeleiing
1) Lovverk barnevern

- 3 timer kurs innan fagområdet : tal ,rom form .Barnehageeininga leigde inn forelesar frå didaktiv som et ledd i satsing på,

Vatn- kreative krefter

- Spesialpedagogikk
3 av pedagogar i Dråpeslottet har fullført tilleggsutdanning i tilpassa opplæring/ spesialpedagogikk

- Barne og ungdomsarbeid
Ein av våre tilsette har fullført vidaregåande opplæring i barne og ungdomsarbeidarfaget.

Pedagogisk satsingsområde

I tråd med føringar frå kunnskapsdepartementet har me framleis fokus på språk og språkutvikling
Personalet i begge barnehagane har fått kurs og nyttar konkret språkstimulerande materiell og aktivitetar henta frå "Snakkepakken"
Begge barnehagane har også i år hatt temaarbeid innan

Vatn kreative

vatn/ vær/ natur og miljø

Fortsett samarbeid med kulturskule Samarbeidet vert nytta til ein musikkstund ein skuletime i veka i kvar barnehage

- Innføring av IKT

Barna har tilgang på datamaskin og digitale kamera. Alle avdelingane har skjerm for visning av bilete, slik at føresette kan sjå kva barna har vore med på i løpet av ein viss periode

- Kropp rørsle og helse

Begge barnehagane har bading med førskulebarna

Målsetting er å få barna trygge i vatnet,

Dråpeslottet barnehage har tilgang på gymsal på Samnanger barneskule slik at alle gruppene har fått tildelt tid.

Nordbygda har fri tilgang på gymsal og har spesielt ekstra fokus på

fagområdet :kropp rørsle og helse.

Begge barnehagane har utetid kvar dag med høve til aktiv leik. Og begge nyttar naturen og nærområdet til turar.



Organisasjonsutvikling med fokus på kvalitet

Barnehageeininga vert stadig større. Me har no 7 avdelingar med til saman 103 barn og 35 tilsette. Me jobbar aktivt for å skape ein god oppvekstarena. Eit godt

personal- foreldresamarbeid er nøkkelen å skape gode tenester,

I 2010 er det laga meir omfattande plan for overgang barnehage skule.

I haust arrangerte barnehagane eit felles møte for føresette til førskulebarna. Skule barnehage og SFO orienterte om planer for overgang barnehage, skule og SFO.



20-årsfest- framsyning

SENTRALE AKTIVITETAR/ HENDINGAR

- Omorganisering utviding Nordbygda barnehage.
- 2 småbarnsavdelingar i det gamle bygget og en gruppe i deler av Nordbygda skule
- Nordbygda barnehage opning ny avdeling og 20 årsjubileum.
- Framsyning med song og musikk for foreldra i begge barnehagane .
I Nordbygda har me nytta samarbeid med kulturskule til desse framsyningar på scene
- Dråpeslottet barnehage . Prosjekt Forut foreldrecaffi og salsbod. Inntekt sendt til prosjekt for fattige i India
- Dråpeslottet barnehage ferdigstilling av uteområdet. Planting av busker og tre.
Innkjøp av skute med klatreveg
- Faste møtepunkt gjennom året for barnehagane og Samnanger barneskule.

UTFORDRINGAR/ VIDARE ARBEID

Den største utfordringa innan barnehagesektoren i Samnanger kommune er å syta for barnehageplass til alle som ønskjer.

Eit godt barnehagetilbod til alle er eit viktig verkemiddel for å nå kommunen sin visjon:
Samnanger – der du vil leva og bu.


SAMNANGER BARNESKULE

ANSVAR SOMRÅDE

Frå august 2010 vart Gjerde og Nordbygda skular slått saman til Samnanger barneskule.

Kjersti Mellingen Bruvik er rektor (leiar) for den nye eininga. Tina B. Norup er tilsett som leiar for SFO.

Samnanger barneskule har 197 elevar. Skulen er ein fulldelt barneskule med 2 parallellar på 3 trinn. SFO har 39 barn.



Oversikt årsverk og tal på tilsette

Funksjon	Årsverk	Tal tilsette	
Skule-leiing	1,7	2	Rektor og inspektør. (Gjeld og litt tid til andre med leiarfunksjonar.)
SFO-leiing	0,2	1	
Sekretær	0,7	1	
Lærarar	16,5	23	Inkludert skulebibliotekar, kontaktlærer for elevråd m.m.
Assistentar	9,3	13	7,3 årsverk i skulen og 2 årsverk på SFO, i tillegg ein lærling
Reinhaldarar	1,7	3	
Sum	29,9	43	

MÅLOPPNÅING Opplæringslova og Læreplan for grunnskulen, ”Kunnskapsløftet” frå 2006, gjev retning og mål for arbeidet vårt. I tillegg har me den kommunale planen som seier at elevane våre skal:

- ha eit godt **læringsmiljø** som er prega av tryggleik, trivnad, elevmedverknad, elevdemokrati, motivasjon og eit godt fysisk miljø
- ha eit optimalt **læringsutbyte** gjennom tilpassa opplæring

Gjerde og Nordbygda har hatt ulike utviklingsområde. Etter vedtak om å slå saman skulane har hovudoppgåva for skulane blitt å gjennomføra samanslåinga.

”Oppstart av ny skule”, utviklingsområde for Samnanger barneskule:

Personalet ved Samnanger barneskule har valt ”Oppstart av ny skule” som satsingsområde og det er formulert følgjande målsetjingar:

- Alle vaksne er samkøyrd i handheving av reglar og konsekvensar.
- Vekeplanane er reiskap for læring, både sosialt og fagleg
- Foreldra er medspelarar
- Elevane kjenner seg trygge på skulen



Målformuleringane er så ferske at me ikkje har gjennomført noka evaluering endå. Me meiner likevel at me er på god veg med å realisera måla. Som eit ledd i evaluering av om elevane er trygge på skulen har me gjennomført ei trivselsundersøking no i februar 2011.

Trivsel:

I undersøkinga vart det spurd om elevane har nokon og vera med, og korleis dei trivst på skulen. 140 elevar har svart til no. Ca 96% har svart at dei har nokon å vera med på skulen. Over 98% av elevane trivst bra eller betre på Samnanger barneskule. Det er ekstra spennande med ei slik undersøking i samband med den omstillinga me



er inne i. Difor er det gledeleg at elevane gir slike svar. Skulen vil prøva å fanga opp dei elevane som ikkje har nokon å vera med og prøva å gjera noko for dei.

60-minuttars undervisningstimar:

Skulen har gått over frå å organisera dagen med i 45 minuttars undervisningstimane til 60 minuttars undervisningstimar. Endringa er gjennomført frå hausten 2010. Endringa er ei prøveordning som skal evaluerast før sommaren 2011.

Spesialundervisning i base:

Overgang til å organisera spesialundervisninga som Base-undervisning. Spesialundervisninga har tidlegare vore organisert som ein kombinasjon av enkelttimar og gruppetimar.

Ulempa med denne løysinga er at det for enkelte har blitt lange økter og grupper på 3-5 elevar som ein kan gøyma seg i.

Med baseundervisning får elevane i staden korte økter åleine med spesialpedagog. Her blir det fokus på det enkelte barn sine behov og intensiv jobbing med eleven sine utfordringar, kombinert med støtte i klassegruppa.

Erfaringane med baseundervisning er gode når me ser på utviklinga til elevane.

RESSURSBRUK

Rekneskapan for Gjerde skule og Nordbygda skule vart slutta av sommaren 2010. Begge rekneskapa vart gjort opp i balanse. Ubrukte midlar vart overført til Samnanger barneskule og danna grunnlaget for budsjettamma til den nye skulen.

Ved slutten av året har skulen klart å halda seg innfor ramma sjølv om utgifter til skyss og reinhald har vorte større enn budsjettet.

Skulen har i løpet av året fått høve til å skifta ut dei eldste datamaskinene. I tillegg har me kjøpt inn projektorar og digitale tavler slik at alle klassane no har slikt utstyr.

VIKTIGE HENDINGAR

2010 har handla om samanslåing av Gjerde og Nordbygda skular til Samnanger barneskule, og denne saka har overskygga alt anna. Det første halvåret har det blitt arbeid fram mot skulestart hausten 2010.

Førebuing av omorganisering og flytting:

Administrasjonen har frå starten av året arbeid for fullt med den føreståande omorganiseringa. Lærarane har vore involvert i arbeidet og har hatt felles samarbeidstid fleire dagar i løpet av våren. Ein milepel var 2 ekstra planleggingsdagar i Øystese 8.-9. juni, der lærar og assistentar som skulle arbeida på den nye skulen var samla for å arbeida med felles satsingsområde for den nye skulen.

Elevane frå Nordbygda var på besøk på Gjerde for å bli kjend med den nye skulen, nye elevar og nye lærarar, og elevane frå Gjerde var på besøk til Nordbygda.

Modular på plass:

Kommunen har leigd inn modular for å gi plass til alle barneskuleelevane. Modulane kom tidleg på sommaren og alt nødvendig utstyr var på plass til skulestart. 5.-7. klasse held til i modulane.

Flytting:

Inventar og utstyr, som til dømes pultar, stolar, arbeidsbord, datautstyr mm., vart flytta frå Nordbygda til Gjerde. Sjølve flyttinga kravde meir tid enn det som var føresett, og administrasjonen fekk mykje ekstra arbeid med dette sommaren 2010.

Skulestart:

Skulestart 18. august 2010, med alle barneskuleelevane i Samnanger samla på ein skule var ein spennande dag. Etter intens jobbing for å få alt klart, var det kjekt å sjå at det meste fungerte frå starten og at elevane såg ut til å finna seg godt til rette.

Ny ballbinge og tilpassing av uteareal:

Det vart bestemt å setja opp enda ein ballbinge på skulen slik at småskulen og storskulen skulle få kvar sin stad å spela fotball. Arbeidet var ikkje heilt ferdig til skulestart, men 17.09.2010 var det høgtideleg opning av den nye ballbingen for småskulen. Ordførar Marit A. Aase klipte snora og småskuleelevane fekk is.



UTFORDRINGAR VIDARE

Drift av skule i omstilling:

2010 har vore eit svært krevjande år. Me erkjenner at åra som kjem og blir krevjande. Skulen er i nokon grad framleis i ein etableringsfase etter samanslåinga. I åra som kjem skal skulen drivast vidare samstundes som det blir planlagt nybygg.

I ein slik fase vil det vera nødvendig å styrka tid til leing slik at skulen kan ta ansvar for utfordringane på ein god måte.

Nybygg:

Det blir ei utfordring i tida som kjem med planlegging og bygging av nye bygg, for å gi plass til alle elevane og alle funksjonane ein skule skal ha. Det



blir viktig å finna gode løysingar for alle brukarane av skulen.

Storstove for skulen:

I tillegg til at det er trangt på skulen i overgangsfasen, merkar ein at det manglar ei storstove der heile skulen kan samlast med foreldre. Gymsalen blir for liten. Tradisjonar ein har hatt, som felles juleavslutning, sommaravslutning, FN-dag med meir, kan ikkje gjennomførast slik me har gjort det tidlegare.

Enkelte klassar får ikkje bruka gymsalen i gymtimane sine fordi den ikkje er ledig. Dette problemet vil bli større dersom me får fleire elevar.

Det er no bestemt at me i Samnanger skal ha ei felles 17-maifeiring med folketog til Samnanger barneskule og hovudmarkering på skulen. Dersom barneskulen skal vera plassen for feiringa i framtida vert det viktig å få ein større gymsal.

Baseundervisning:

Skulen har skuleåret 2010-11 prøvd ut ei løysing med å organisera spesialundervisninga som base-undervisning. Førebels erfaringar er gode og me opplever at borna får betre oppfølging på denne måten. Skilnaden mellom tilrådd og tildelt timetal er likevel vorten så stor at det er vanskeleg å halda fram med ordninga.

Trygg skuleveg:

Etter samanslåinga av Gjerde og Nordbygda skule må mange av elevane frå Nordbygda gå til skulen. Det første skuleåret har alle fått skuleskyss for å gi ei sikker løysing medan det vert arbeidd me å avklara ei permanent løysing. Erfaring frå det første halvåret viser at det er fleire stader på skulevegen som gir dårlege løysingar for elevane. Dette blir forsterka av snørike vintrar.

For Samnanger barneskule

Olav Aarvik

Fung. ass. rektor

Samnanger ungdomsskule



Samnanger ungdomsskule er ei eiga eining der Solvor Aadland er rektor.

Både vårhalvåret og hausten hadde me 102 elevar fordelte på 5 klassar. Ved skulen arbeidde det om våren 16 lærarar i ulike stillingsstorleikar, i alt 11,6 årsverk, og om hausten 14 lærarar med 11,8 årsverk. I tillegg har me vernepleiar i 70 % stilling. Eitt årsverk er knytt til leiinga av skulen. Me hadde om våren 6

assistentar med 2,2 årsverk, 4 i hausthalvåret med 1,6 årsverk. 3 reinhaldarar, til saman 1,7 årsverk, og sekretær i 0,5 stilling.

MÅLOPPNÅING

Elevane skal i alle fag nå kompetansemåla i gjeldande læreplan, og måloppnåinga viser att i undervegsvurderinga på åttande, niande og tiande trinnet. For tiande er det i tillegg standpunktkarakterar og karakterar til munnleg og skriftleg eksamen. Dette året kom elevane opp i engelsk eller matematikk skriftleg. Alle elevane måtte opp i eitt munnleg fag. Det var sjølvstøtt karakterar av ulike slag, men mange fekk gode karakterar både i standpunkt og til eksamen.

Dei nasjonale prøvane var dette året også på niandetrinnet i tillegg til åttande trinnet som er det vanlege. Noverande 9.trinn hadde i åttande mykje høgare resultat, særleg i engelsk lesing og rekning, enn me tidlegare hadde oppnådd. Sameleis i niande. Ikkje engelsk for dei dette året. Åttande låg omlag på landssnittet, men over i engelsk.

9.trinnet: Norsk lesing - snitt 3,7 snitt fylket 3,4 og landet 3,5

Rekning - snitt 3,9 snitt fylket 3,4 og landet 3,4

8.trinnet: Norsk lesing - snitt 3,0 snitt fylket 3,0 og landet 3,1

Rekning - snitt 3,1 snitt fylket 3,0 og landet 3,1

Engelsk - snitt 3,2 snitt fylket 3,0 og landet 3,0

Elevundersøkinga for 10.trinnet på slutten av skuleåret, vitna om god trivsel blant elevane både ute med kameratane og i dei fleste undervisningssituasjonar. God motivasjon hjå elevane. Framgang frå året før på det meste. Mobbing er så å seia fråverande, diskriminering heit borte. Som tidlegare er det gjeve uttrykk for at dei har for lita medbestemming når det gjeld å laga faglege opplegg. Lyt sjå kva me kan gjera her, men det er lærarane som har oversikt over målkrav og stoff som må gjennomgåast.

Elevane sitt skulemiljø Opplæringslova §9-a: *Alle elevar har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, miljø og læring.*

Me har i samarbeid med elevrådet laga ein handlingsplan for sosial kompetanse ved skulen vår. Det er sett opp kompetanseområde med kjenneteikn og tiltak. Like eins førebyggjande arbeid mot uønskt åtferd og reaksjonar og tiltak ved uønskt åtferd. Punkt frå denne er med som læringsmål på arbeidsplanane for veka.

Elevane på åttandetrinnet får tilbod om å vera med i ei samtalegruppe fire-fem gonger saman med helsesøster og sosiallærer. Alle niandeklassingar har eigne samtalar med helsesøster, og dei på tiande trinnet kan oppsøkja helsesøster den dagen ho er på skulen.

Lærarar og assistentar har saman med folk frå ungdomsskulane i Fusa og Tysnes og vidaregåande i Fusa vore på kurs om *Alle har ei psykisk helse*. Dette er eit tema me arbeider med i klassane.

Kampen mot mobbing må førast heile tida. Elevsamtalar, arbeid for eit godt klassemiljø, den sosiale planen vår, mobbeundersøkingar, god inspeksjon inne og ute og eit fast tema på fellesmøta er viktige for å førebyggja og avdekka mobbing. God kontakt med heimane er heilt grunnleggjande. Det er lite mobbing, noko elevundersøkinga også slår fast. Men med nulltoleranse for mobbing er eitt tilfelle for mykje.

Når det gjeld **skulebygningane**, har det gjennom fleire år vore mykje opp-pussing, noko me er svært glade for. I haust sette vaktmeisterane opp skur til syklane, eit ynskje frå elevrådet gjennom fleire år. Eit vanleg klasserom i "Nybygget" vart gjort større ved å fjerna ein vegg som også tidlegare har vore flytta på. Rommet held så vidt arealgrensa for å hysa heile 30 elevar. Det er ikkje noko godt undervisningsrom sidan det er langt og smalt. Me ynskjer oss ein elev til så me kan få dela klassen!

Gymnastikksalen er i minste laget for 30 store elevar. Det resulterer i mykje stillesitjing og venting kvar time. Deling i desse timane ville gjeve høve til større aktivitet for elevane. Det er også større sjanse for knuffing og mobbing i eit slikt trangt miljø.

Me har kombinert musikkrom, filmrom og bibliotek. Det er først og fremst biblioteket som lid under dette.

IKT-utstyr. Skulen har no fått meir og betre utstyr. 2010 var siste året før eksamen skal avviklast på data, også levering av eksamenssvara.

Utviklingsmål - strategiplan.

Tilpassa opplæring har vore overskrifta for utviklingsmåla våre med **elevmedverknad** og arbeid for å skapa **eit positivt skulemiljø**, like eins **fag- og kollegasamarbeid** som underpunkt.

Hausten 2010 godkjende Oppvekst og omsorg ein ny strategiplan for skulane i Samnanger. Planen inneheld nasjonale og lokale satsingsområde for å gjennomføra Kunnskapsløftet. Ungdomsskulen fekk i oppdrag å laga det som galdt denne skulen spesielt. Utviklingsmåla våre og mykje anna er no kome inn i denne planen som gjeld fram til 2013. Me har særleg fokus på **klasseleiing**.

Tilsette og elevar gjer sitt for å nå dei oppsette måla, og mykje vert oppnådd, både fagleg og sosialt. Under punktet trivselstiltak i friminuttar nemner eg:

Bokkafe, bruk av ballbinge, gymsal, bandrom og biljardspel, alt på tvers av klassane.

Kantina med mat og meieriprodukt, ein viktig trivselsfaktor der elevane lagar mat, et og hjelper til med å selja. Gjennom elevrådet kjem elevane med ynskje om aktivitetar og anna.

Eit viktig trivselstiltak, ein annan måte å undervisa på og ei god utnytting av timane til utdanningsval fann stad i september då vanlege fag vart lagde bort ein dag, og elevane valde andre aktivitetar dei ville vera med på. Ein liknande dag var juleverkstaden i desember. Eigenvurdering er også eit utviklingsmål. Det gjeld i vanlege fag og i det relativt nye faget utdanningval. Gjennom praktisk opplæring, her kjem arbeidsveka inn, og teoretisk opplæring

skal ein læra å kjenna eigne sterke sider og såleis stå betre rusta til å velja rett utdanning vidare. I tillegg er det hospitering på vidaregåande skular, yrkesmesse og yrkeskveld saman med foreldra.

I samband med kommunen sitt prosjekt **Livslang læring og Vatn – kreative krefter**, søkte me på midlar innanfor det som vert kalla Den naturlege skulesekken frå Naturfagsenteret ved Universitetet i Oslo. Basisen var det me hadde arbeidd ut for dei ulike trinna under Vatn-kreative krefter, og så utvikla me desse opplegga og drog inn andre samarbeidspartnarar. Me fekk tildelt 50 000 kr. I ettertid har me laga detaljerte undervisningsopplegg som skal liggja på nettet til bruk for andre.

- Livet på Ospekleiva, eit undervisningsopplegg for 8.trinnet om landskapsdanning og livet på ein gammal husmannsplass
- Opplegg for aktivitetsdag med vatn, aldersblanda.
- Kraftsafari til Kleivane småkraftverk, 9.trinnet



Trivselstiltak for å fremja læring er eit viktig

utviklingsmål for skulen vår, og der noterer me altså høg måloppnåing.

Sykkeltur til Ådland med tur til husmannsplassen Ospekleiva oppfylde både meir fysisk aktivitet og historielæring på ein annan måte enn gjennom læreboka. Lokalhistorie og nasjonalhistorie på ein levande måte. Det gjeld også det flotte opplegget til kaptein Per Storli ved Fossen Bratte i samband med gjennomgåing av 2. verdskrigen.

Utviklingsmåla har eit punkt om fag – og kollegasamarbeid. Me arbeider i team for kvart klassetrinn, har stundom klasse møte og fagmøte og drøftar mål, høvelege arbeidsmåtar og vurderingskriterier. Dessutan er både rektor og nokre faglærarar frå norsk, engelsk og matematikk med i eit nettverk med ungdomsskulane i Fusa, i Samnanger på Tysnes og vidaregåande i Fusa.



Ein lærar har teke vidareutdanning i matematikk dette året. Han har hatt 40 % reduksjon i leseplikta. Elles var det fagleg påfyll for lærarane i Midthordlandsregionen gjennom sams planleggingsdag.

Sjukefråværet for lærarar og assistentar har gått ned frå 4,7% til 3,1%. Totalt for skulen 3,6%. Dette er me svært nøgde med.

RESSURSBRUK

Me heldt oss så og seia innanfor dei økonomiske rammene skulen hadde fått tildelt. Delingstimetallet var skore til eit minimum, har aldri hatt færre. Måtte køyra med eit lite overforbruk for å få ei forsvarleg undervisning. Større utgifter, men også større refusjonar. Dei føregåande åra har ungdomsskulen ikkje brukt opp budsjettet sitt.

VIKTIGE HENDINGAR

Forutan det som er nemnt under utviklingsmål og måloppnåing, har me takka vera **Den kulturelle skulesekken** vore med på mange fine opplevingar: Konsertar innan fleire sjangrar, dans, biletkunst og filmkunnskap.

Ei storhending også dette året var **restaurantdrifta** som mat- og helse- klassane stod for, godt hjelpte av lærar og ein del foreldre. Skikkeleg entreprenørskap med planlegging, jobbsøking, gjennomføring, rydding og etterarbeid. God oppslutnad frå bygdefolket på Cafe Evje. Dette er noko mange ser fram til!

Vidare var elevrådet med hjelp frå elevrådskontakt og klassekontaktar arrangør av det populære **nyttårsballet**. Elevrådet avgjorde også at me skulle halda fram med **”Jul for andre”**, ein arbeidsdag heime eller hjå naboar eller slektningar. Heile 18 200 kr samla dei inn, og dette året ville elevane gje ei hjelp til born og unge som trong det i vår eiga bygd. Mange fekk mellom anna skiutstyr til jul.

Sist vår var 2 grupper frå dagsenteret ved Samnangerheimen på **flott middag** laga til av vår dyktige heimkunnskapslærar og niandeklassegruppene på kjøkenet.

Aktivitetar: Trefjellstur, turar i eige fjell-landskap, også overnattingsturar, skidag, aktivitetsdag i Sætervika i tillegg til vanlege gymtimar og klasseromsgymnastikk og frukteting i slutten av 1.timen.

10. klassingane laga også dette året til ein flott **avslutningsfest** der dei verkeleg viste at dei kunne mykje innan førebuing og framføring; først og fremst munnleg, men også skriftleg og digitalt.

Dei ulike klassetrinna laga til **adventsamling** for alle i gymsalen. Hausthalvåret slutta av med risengrynsgraut, juletrengang og kos i klassane. Så var det julegudsteneste i Hagakyrkja, og nokon var att på skulen og hadde om høgtidsfeiring i andre religionar.

Det er **god kommunikasjon** mellom skulen og heimane. Utviklingssamtalar haust og vår, klasseforeldremøte og jamne brev frå kontaktlærarane om klassen og utviklinga til den ein skilde eleven. Klassekontaktane deltek i FAU og er med på nyttårsballet, og foreldra har sine fire representantar i skulemiljøutvalet.

UTFORDRINGAR

Stor klasse på 30 elevar.

I samband med auka fokus på å få ned kostnadene til skulane, vart budsjettet for 2010 redusert. Me visste om at det vart ein stor åttandeklasse som låg heilt på grensa til deling. Det vart **ein klasse** med utfordringar for å få plass til dei som nemnt under skulemiljøet ovanfor. Den andre store utfordringa var korleis ein skulle makta gje elevane ei god undervisning og god oppfølging både fagleg og sosialt. Tidlegare har me hatt fleire timar, såkalla delingstimar, der ein kunne dela klassen i relativt mange timar når det var slike store klassar. Me trong fleire delingstimar!

Berre eitt framandspråk

I 2010 vart det slutt med å kunna velja tysk som framandspråk. Timetildelinga gav ikkje rom for to språk, og Oppvekst og omsorg valde at elevane berre skulle få spansk. Etter rektor si meining fell spansk vanskelegare for mange, og resultatet vert at færre av samnanger-elevane går ut av ungdomsskulen med to språkfag.



Færre lærarar

Sjølv om me har fleire elevar enn på lenge, er det færre lærarar enn på lenge. Færre delingstimar og større stillingar på dei lærarane som er ved skulen, er grunnen til dette. Det fører med seg auka tid til inspeksjon for lærarane i ein elles travel skuledag. Samstundes er det verre å greia skaffa kvalifiserte vikarar når stillingane er fulle. Dyrare vert det også.

Meistring i kvardagen.

Det er ei stor utfordring å klara å gje kvar einskild elev meistringskjensle i ein altfor teoretisk skule. Me har ein flott ungdomsflokk med mange gode evner av ulike slag, ikkje berre teoretiske.

Eit krevjande mål er å tilretteleggja all undervisning så praktisk som råd er.

Tysse, 01.03.2011

Solvor Aadland
rektor

KULTUREININGA



ANSVAR SOMRÅDE

Ansvarsområdet er definert i kulturplanen og femner om tilrettelegging for aktivitetar innan friluftsliv, idrett og fysisk aktivitet, dei ulike kunstområda, kulturoppføring, kulturnæring og kulturvern.

Samnanger kommune støttar det lokale kulturlivet gjennom tilskot til lag og foreiningar og lokalt kulturliv, og ved å gje gode tilbod til samningar gjennom kulturskulen og biblioteket.

Kultureininga samarbeider med teknisk eining om ansvar for bygningar og vedlikehald. Med auka stillingsressurs kan kommunen etter kvart byrja prosessen med å realisera ambisiøse mål i kulturplanen og vera aktiv utviklingsaktør på kulturområdet.

STILLINGSRESSURSAR

Johannes Tysseland gjekk av med pensjon i løpet av våren 2011 og vart heidra for lang og trufast innsats for kulturlivet i Samnanger. Han arbeidde i 41,6 % stilling. Nytilsett kultursjef Marit Brendbekken tok til i 100 % stilling i oktober 2011. I løpet av november 2010 vart òg stillinga som kulturnæringskonsulent/prosjektleder i 60 % stilling overført frå Rådmannen sin



stab til kultureininga. Til saman har eininga følgjande stillingsressursar:

Administrasjon - 100 % fast stilling.

Idrettsanlegg - 14,97 % fast stilling

Biblioteksjef – 77 % fast stilling

Kulturskule - Rektor 100% fast stilling pluss 117,8 % delt på fem stillingar/timelærarar.

Kulturnæringskonsulent og prosjektleder for Bulyst /LivOgløyst: 60 % mellombels stilling.

MÅLSETTINGAR

Forutan driftsoppgåver har konkrete mål for administrasjonen i 2010 vore følgjande:

1) Arbeida med spørsmål om fleirbrukshall, rehabilitering av Hagabotnane idrettsanlegg og etablering av ny plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv i Samnanger. Slutføra pågåande spelemiddelfinansierte prosjekt og andre aktuelle fristane.

nye modellar for samarbeid mellom frivilligheita i Samnanger, samarbeid og strategiar for kommunen utviklingsaktør på kulturområdet.



prosjekt innan dei
2) Arbeida fram kommune og interkommunalt som

3) Leggja til rette for meir aktivitet og fleire kulturtilbod for ulike grupper i Samnanger gjennom planlegging av nye prosjekt for 2011, med von om å auka budsjettråmene gjennom søknadar.

MÅLOPPNÅING

Pensjonsavgang, vakanse og nytilsetting har gjort sitt til at kulturadministrasjonen har hatt lågare produktivitet i periodar. Alle vesentlege driftsoppgåver er likevel gjennomført: Kultureininga har handsama søknadar om kulturmidlar og spelemidlar, gjennomført årlege arrangement i samarbeid med frivilligheita, førebudd politiske saker og ferdigstilt pågåande prosjekt. Det har ikkje vore avvik i budsjettråmene.

Kulturmidlar: Utval for Oppvekst og omsorg tildelte støtte til 27 av 30 innkomne søknadar i 2010. Vedtak om tildeling for 2010 finst på kommunen si heimeside.

Fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv: Hallnemnda la fram rapport etter forprosjektet for Kommunestyret, og dette arbeidet var med på å leggja grunnlag for kommunestyret sitt vedtak om å setja i gang prosessen med områdeplan for Bjørkheim.

Arbeidet vert vidareført i 2011. Kultureininga har førebudd politiske saker om ny avtale om rehabilitering og drift av Hagabotnane idrettsanlegg og prosess kring "Plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv i Samnanger." Desse sakene vert handsama politisk i 2011.

Spelemidlar: Det var ein omfattande prosess kring plassering og bygging av ballbingen på Samnanger barneskule våren 2010. Innsendt søknad om spelemidlar i desember 2010 vert handsama i 2011. Lønnebakken grendelag etablerte leikeplass og fekk utbetalt kr. 13.000,- av overskot frå spelemidlane, og BOF ferdigstilte handicap-rampe på Rolvsvåg badeplass og fekk sluttutbetaling på kr. 90.000,-. URD fekk ekstra midlar for å få ferdigstilt grendehuset i Rolvsvågen, slik at spelemidlar kan sluttutbetalast i 2011.



Kulturarrangement: Kulturdagane på Tysse gjekk av staben andre helg i juni, med innslag frå korps, kulturskule og lokale artistar. Samnanger kunstlag og Samnanger Kameraklubb skipa til kunst- og fotoutstilling, og Samnanger kommune tildelte ungdoms-stipendet til Robin Tveiterås. Kommunen støtta 70-talsfest i Nordbygda grendehus og kyrkjekonsert med proffe artistar i 2010.

Paviljongen på Bjørkheim: Ny lyssetting av paviljongen vart ferdigstilt til adventstida byrja.

Planlegging av nye prosjekt for 2011: Kulturkontoret søkte hausten 2010 om ekstern støtte til planlagde prosjekt innan mellom anna litteraturformidling- biblioteksamarbeid, ungdomsprosjekt innan EU og internasjonal skilting av naturstiar, med samla søknadssum på 366.000,-.

Nye former for samarbeid: Kulturkontoret var pådrivar for å få på plass partnarapsamarbeid mellom biblioteka i Samnanger, Vaksdal og Fusa hausten 2010. Vidare fekk me i stand ein partnarapsavtale med fem lag og foreiningar om realisering av ulike prosjekt i løpet av 2011 og om dugnadsarbeid. Det har vore stor møteaktivitet med ulike lag og foreiningar i Samnanger og mellom kommunale einingar og regionale utviklingsaktørar hausten 2010.

ØKONOMI

Kommunen har delt ut kr. 167.000,- til barne- og ungdomsarbeid i regi av frivilligheita i Samnanger. Kommunen har nytta kr. 55.000,- til miljø- og friluftsliv og delt ut kr. 162.500,- til idretten. Kulturkontoret søkte og fekk ca 45.000 kr i tilskot til den kulturelle skulesekken. Kulturkontoret fekk tilslag på søknad til Hordaland fylkeskommune om internasjonal skilting av stiar med kr. 80.000,- innan utgangen av året.

SAMNANGER KULTURSKULE

ANSVARsområde

Kulturskulen sitt hovudansvarsområde er instrumentopplæring for elevar i 3.-10. klasse. Det er tilbod om opplæring innan alle typar korpsinstrument, tangentinstrument, strykeinstrument, gitar, trekkspel/toradar og song. Av andre kulturtilbod har me foto/video/multimedia, drama/teater og keramikk. Samnanger kulturskule gjev eit grunnkurs for alle 4. klassingane i kommunen i samarbeid med grunnskulen. Samnanger skulemusikklag har ansvar for samspelopplæringa for dei som spelar korpsinstrument. Me har nokre søkjarar frå vidaregåande skule. Dei får plass dersom det er timar til det. Tilbodet gjeld også for dei som treng tilpassa undervisning.

MÅL

I lov av 19.juni 1997 vedtok Stortinget at alle kommunar i Noreg har plikt til å gje eit musikk- og kulturskuletilbod. Undervisninga ved Samnanger kulturskule har som mål:

- å gje den enkelte elev best mogeleg høve til å utvikla sine musikalske og kunstnariske evner og anlegg.
- å gje ei allmenn og praktisk opplæring i ulike musikk – og kulturuttrykk
- å leggja grunnlaget for eit rikt kulturliv i kommunen, ta vare på gamle lokale musikk / kulturtradisjonar og utvikle nye
- å hjelpa til å gje bygda eit positivt ungdomsmiljø, ved å skapa grobotn for verdfulle og varige aktivitetar innan musikk og andre kulturuttrykk

I 2010 har kulturskulen hatt som delmål:

- 1) å styrkja samarbeidet med Samnanger skulemusikklag, grunnskulen og andre lokale samarbeidspartar og institusjonar gjennom konkrete tiltak.
- 2) auka opp budsjetttråmer og aktivitetar gjennom å søkja om prosjektmidlar
- 3) medverka til kulturarrangement og skipa eigne kulturarrangement og aktivitetar.

MÅLOPPNÅING

1) Styrkja lokalt samarbeid. Samnanger skulemusikklag er den viktigaste samarbeidsparten vår. Korpset er kulturskulen sitt samspeltilbod for alle som vil spela blåseinstrument og slagverk. Kulturskulen har ansvar for all instrumentopplæring. I budsjettet for 2010 fekk me godkjenning for at dirigenten til Samnanger skulemusikklag skal lønast av kulturskulen. Korpset organiserer alt samspel for dei av elevane våre som spelar korps-instrument. Styret for laget har ansvar for semesterplanlegging, seminar, konsertar, sosial aktivitet og innkjøp og vedlikehald av instrument. Korpset ønskjer å dela elevgruppa i to; ei aspirantgruppe og eit

hovudkorps.

Samnanger barneskule er no vår hovudbase for undervisninga. Kulturskulen held fram med å bidra til musikkundervisninga, no til alle klassane. Me har fleire kor (det største har over 80 elevar). Kulturskuleelevar spelar òg i orkesteret. Fellessamlingar er flott arenaer for elevane å stå fram med det dei kan. Me forventar at skulen aukar talet på fellessamlingar i 2011. Før skulen er fullt utbygd, vil det vera svært trøngt om plassen. SFO og kulturskulen nyttar fleire av dei same romma på ettermiddagstid. Vidare er det etablert eit godt samarbeid med Samnanger barneskule.

Kulturskulen samarbeider med grunnskulen om dei tilboda innan Den kulturelle skulesekken DKS. Tanken bak DKS er at alle barn i grunnskulen (og i barnehagen) skal få med seg ulike kulturelle opplevingar den tida dei er på skulen (og i barnehagen). Kulturskulen er ein viktig samarbeidspart i denne satsinga i lag med kulturkontoret som skal samkøyra planane. Utfordringa med DKS vidare er å få til fleire tiltak der elevane sjølve er meir aktive. Vidare samarbeider kulturskulen mellom anna med Samnangerheimen, Dagsenteret og Pensjonistlaget, der kulturskuleelevene er aktive bidragsytarar.

2) Tilslag på søknadar om prosjektmidlar. Tutti-Frutti-Bandet (kulturskulen sitt Dissimilis-band) søkte banken om pengar til trubaduranlegg (enkelt berbart lydanlegg). Me fekk kr 10 000 og kunne frå skulestart 2010 leggja øvingane til Dagsenteret på Samnangerheimen kvar onsdag.

Staten lyste ut 40 mill i utviklingsmidlar i 2010. Av desse fekk Samnanger kulturskule tildelt kr 75 000 til samarbeidsprosjekt med SFO: “Hoppe sa gåsa - danse sa reven” – ballet i vatn. Prosjektet startar opp ved skulestart i 2011.

MEDVERKA TIL OG SKIPA EIGNE KULTURARRANGEMENT OG AKTIVITETAR

Ungdommens Kulturmønstring (UKM) er det største arrangementet me skipar til. Av andre ulike arrangement kan nemnast ei rekkje huskonsertar og aktivitetar på Samnangerheimen/ Dagsenteret, pensjonisttreff/festar på heradshuset, familiegudstenester /konsert i kyrkja på Haga og kyrkja på Ådland, større prosjekt i samarbeid med Gjerde og Nordbygda og fleire små prosjekt/fellessamlingar på skulane, samarbeid om barnebokveka, eigen konsert før sommaren og før jul, deltaking på skulane sine avslutningar før sommarferien og før juleferien og deltaking på Barnas Festspilldag i Bergen. Kulturskulen har hatt mykje tenesteyting utanom regulær opplæring.

PRODUSERTE TENESTER

Kulturskulen gjev tilbod til 82 born i alderen 10-16 år. Søkjartalet ligg på 70-80 elevar kvart år. Alle søkjarane i denne aldersgruppa fekk plass. To søkjarar i vidaregåande skule fekk ikkje plass. I 2010 var så og seie alle våre lærarar utdanna musikkpedagogar. Vår kulturskule har eit mål om ope opptak, dvs at alle som søker skal få plass. Staten gjev ingen føringar for kven som skal få tilbod om kulturskuleplass eller kva kommunane måtte krevja i elevpengar. Til no har me hatt eit svært gradert system for elevpengar med betaling etter heile og halve timar i einetimar eller grupper. Maks elevkontingent er på kr. 1900,-.

SAMNANGER FOLKEBIBLIOTEK

ANSVAR SOMRÅDE

Biblioteket har som ansvarsområde å vera eit godt tilbod til samningar av alle slag. På biblioteket får dei tilgong på rike opplevingar som einskildmenneskje frå litteratur, film og musikk. Biblioteket skal vera kundeorientert og ein sosial arena for alle samningar. Biblioteket arbeider "utstrakt" andsynes særskilte brukargrupper då biblioteket ikkje er universelt utforma, og er kompetanseressurs for barnehage og grunnskule.

MÅL

Biblioteket hadde som mål i 2010 å oppretta nye depot, satsa meir på forfattarbesøk og andre arrangement i biblioteket og ha ope nokre laurdagar for å gjera bibliotektenesta meir tilgjengeleg.

MÅL OPPNÅING

I høve til 2009 gjekk utlånet opp og besøket på biblioteket ned. Dette har samanheng med at dei som er innom biblioteket låner mykje kvar gong og at ein god del av aktivitetane knytt til biblioteket skjer utanfor biblioteklokala. Me har depot i barnehagen, på dagsenteret for eldre på Samnangerheimen, ved Skottebakken bufellesskap og 3 venteromsdepot. Depotet ved Skottebakken kom i gong i løpet av 2010. Folkebiblioteket samarbeidar også med skulane, særleg med lærarane som er skulebibliotekansvarlege. Biletet er teke på arrangementet "Årets nye ungdomsbøker"- Bokprat og bokutstilling på ungdomsskulen.



I 2010 hadde me forfattarbesøk med Frode Grytten og Gunnar Staalesen, eventyrstunder for barn, kulturskulearrangement og "Årets nye ungdomsbøker"- bokprat og bokutstilling. Til saman var det om lag 300 personar på desse arrangementa.

Opningstida på biblioteket blei endra frå to til ein ettermiddag ope i veka etter sommarferien. Biblioteksjefen klarar ikkje å kombinera det å vera småbarnsmor med ettermiddagsarbeid meir enn ein dag i veka. Besøket på dagtid er mykje dårlegare enn på kveldstid. Biblioteket slit med tilgjengelegheit både når det gjeld opningstid og lokale. For å vera litt meir tilgjengelege prøvde me ut å ha ope 4 laurdagar hausten 2010. Dette

var populært, men når tilbodet berre er kvar 5. veka slit me med å gjera det kjent for lånarane at biblioteket er ope.

STATISTISK RESULTAT

I 2010 hadde me eit besøk per innbyggjar på 1,4. Gjennomsnittet i Hordaland var 4,7 i 2009. Det er berre 4 andre kommunar i Hordaland som har så lågt besøkstal. Ser me på statistikken for 2009 så har kommunar med 2-3000 innbyggjarar i gjennomsnitt 1,3 % stilling på biblioteket. Me har ope 15 timar i veka. Gjennomsnittet for gruppa er 21, 4 timar.

Me er i startfasen i eit biblioteksamarbeid saman med Vaksdal og Fusa. Ved å samarbeida får biblioteksjefane eit større nettverk, me lærer av korleis dei andre biblioteka løysar oppgåvene og håpar å få til meir kompetansedeling gjennom samarbeid om prosjekt i 2011.

KULTURNÆRING- LOKALSAMFUNNSUTVIKLING

ANSVARSRÅDE

Lokalsamfunnsutvikling og tilrettelegging for entreprenørskap handlar om utviklingsprosessar for å styrkja trivsel og bulyst og leggja til rette for næringsutvikling lokalt. Ansvarsområdet har særskilt to hovudsatsingar: "LivOGlyst- kulturbasert næring" og "Kommuneprosjektet".

Bakgrunnen for satsinga er at Samnanger kommune i 2010 tok over ei rekkje oppgåver frå ProSam AS, mellom anna rettleingsarbeidet for kulturbasert entreprenørskap og lokalsamfunnsprosjekta "3 årig LivOGlyst" og "Småsamfunnsprosjektet". Vidare fekk prosjektleiar tilslag på søknad om "Bulyst midlar" frå Kommunal- og regionaldepartementet i



2010. Disse 3 prosjekta (LivOGlyst, Småsamfunn og Bulyst) heng nøye i saman og vert rapportert her samla under namnet: LivOGlyst -Kulturbasert næringsutvikling.

I tillegg ble det inngått samarbeidsavtale i 2010 for styrka satsing på tilrettelegging for entreprenørskap og lokal næringsutvikling mellom Samnanger Kommune og partnerskapen Hordaland fylkeskommune, Fylkesmannen si landbruksavdeling og Innovasjon Norge. Denne avtala vert omtalt som Kommuneprosjektet. Med dette skal kommunen:

- Satsa på lokalsamfunnsutvikling i brei prosess lokalt
- avklara korleis det skal arbeidast med tilrettelegging for næringsutvikling og entreprenørskap i regi av kommunen
- setja av ressursar for arbeidet og delta i kompetansehevande tiltak
- sikra godt samarbeid med Regionråda
- synleggjera førstelinetenesta på portalen www.kom-an.no og på eiga nettside
- sikra integrering/samarbeid mellom landbruk og anna næringsarbeid

Prosjektleiar har hatt arbeidsstad i sentraladministrasjon men frå 15.november 2010 er arbeidsstaden eining for kultur.

MÅLSETTING LIVOGGLYST- KULTURBASERT NÆRINGSUTVIKLING

Satsing på kulturbasert nærings- og lokalsamfunnsutvikling er del av Kulturplanen for Samnanger. Målsettingane for lokalsamfunnsprosjekta og for entreprenørskapsatsinga innan LivOGlyst- Kulturbasert næring og Kommuneprosjektet er skildra i prosjektplanar, søknadar og samarbeidsavtalar som er tilgjengelege på kommunen si heimeside.

MÅLOPPNÅING

Hovudmåla i prosjekta i 2010 har vore:

Tilrettelegging og mobilisering for lokal næringsutvikling
Hovudfokus i 2010 har vore på å rettleia lokale entreprenørar og få til ein utsalsplass for deira produkt innan lokal mat og handverk på Bjørkheim. Mobiliseringsarbeidet har gått føre seg sidan 2008 i lag med lokale produsentar av lokal mat, med kompetansetiltak, produktutvikling og økonomisk og anna rettleiing. Me har også fått hjelp av partnerane innan LivOGlyst i Hordaland fylkeskommune. Laga SA er eit lokalt samvirkelag som vart skipa



29.11.2010. Åtte deleigarar teikna seg på skipingsmøte. Namnet Laga symboliserer at me lagar noko (mat og handverk) og at me spelar på lag med kvarandre. Bygget vart ferdig i 2010. Dekorina flytta inn i bygget 01.10.10 og Laga SA flytta inn 01.02.11. Kommunen eig bygget. Bygget vart finansiert med midlar frå Samnanger Kommune, Bjørnefjorden Næringsfond, prosjektmidlar frå Hordaland fylkeskommune, Kommunal og regionaldepartementet og husleiger. Prosjektleiaren har hatt ansvaret for alt arbeidet med å driva fram prosjekta og bygget både teknisk og administrativt, og har hatt mykje arbeid med å få Laga SA i drift. På opninga av Economusee Fjordtønna 11.oktober 2010 fekk dei vel 70 påmeldte lokal mat frå Samnanger og prosjektleiaren hadde ansvaret for mottak av påmeldingar, mat og teknisk utstyr.



Gjennomføring av trivselstiltak og kompetansetiltak for og med samningar.

Skogrydding har vore eit anna satsingsområde som gjev synlege resultat for innbyggjarane. Me har hatt fokus på RV 7 frå Ådland til Nesodden. Vinteren 2010 byrja me det fysiske arbeidet og fekk rydda frå Bjørkheim til Haukanestunnelen og Nesodden til Lønnebakken. Det vart utført 380 dugnadstimar fordelt på 43 personar. Av desse var det 32 personar som tok motorsagkurs og 31 personar som tok arbeidsvarslingskurs hausten 2009. Dette var naudsynt for å kunne arbeida på Statens Vegvesen sin eigedom. Prosjektet har òg hatt fokus

på samarbeid på tvers av kommuneetatane.

Kompetansehevande tiltak har vore eit av satsingsområda i prosjektet. I 2010 har me hatt desse kursa: Motorsagkurs (18 deltakarar), Ansvarshavande kurs 2 (4 deltakarar) og lappeteknikk (6 deltakarar). I tillegg har me delteke på kurs i merking av turstiar (1 deltakar), kulturproduksjons-kurs (3 deltakarar), Inn på tunet kurs (6 deltakarar), LivOGlyst samling i Austevoll (1 deltakar),

LivOGlystbussen Samnanger/Eidfjord (4 deltakarar). Prosjektleiaren hadde eit av hovudinnlegga på LivOGlyst konferansen 03.02.2010 i regi av Hordland fylkeskommune.

MÅLOPPNÅING KOMMUNEPROSJEKTET

Prosjektleiaren har delteke på kompetansehevande tiltak og synleggjort kommunen på www.kom-an.no. Det vart i 2010 registrert 4 nye føretak i Samnanger i Brønnøysundregistrene. Det vart også meldt inn 4 føretak til oppløysing/sletting i same periode. Frå 01.01.2005 til 01.01.2011 er det registrert 38 nye føretak og 23 er oppløyst/sletta. Netto vert då 15 nye føretak på 5 år.

ØKONOMI

Tilslag på søknadar om ”Bolyt”, ”Småsamfunn” (KRD) og ”LivOGlyst” (Hordaland fylkeskommune) har tilført Samnanger Kommune til saman kr. 1.035.000,- Kommunen har forplikta seg til å nytta kr. 256.000,- av eigne midlar på satsinga. Kommunen får dekkja kr. 262.500 i lønsmidlar via prosjekta. Endeleg rekneskap for heile satsinga vert lagt fram innan 2011.



SOSIAL – OG HELSE EINING

Eininga hadde 21 tilsette i 2010, fordelt med 8 på kommunehuset, og 13 på helsetunet. Budsjettet for eininga i 2010 var på om lag kr. 14,9 million.

Eininga har eit stort ansvarsområde med tunge fagfelt som omfavnar både legetenesta, jordmortenesta, fysioterapeuttenesta, helsestasjon, sosialtenesta og barneverntenesta i kommunen. I tillegg har eininga ansvar for flyktningearbeidet i kommunen.

Sjukefråværet i eininga har vore lågt i 2010, noko som er gledeleg og som gir inspirasjon til at denne positive trenden skal fortsetja også i 2011.



SOSIALTENESTA I NAV SAMNANGER

1. Ansvarsområde

Arbeider hovudsakleg utifrå Lov om sosiale tjenester i NAV og etter introduksjonslova for nyankomne innvandrarakar.



Tenesta skal fremja økonomisk og sosial tryggleik, betra levekår for personar som har det vanskeleg, bidra til auka likeverd og likestilling og å førebyggja sosiale problem. Tenesta skal også bidra til at den einskilde får høve til å leva og bu sjølvstendig og til å ha eit aktivt og meningsfullt liv i fellesskap med andre.

Målgruppa er alle vaksne over 18 år.

Sosialtenesta skal yta økonomisk sosialhjelp utifrå dei til ei kvar tid gjeldande satsar i kommunen. I tillegg til å gjeva råd, rettleiing og driva med sosialt førebyggjande arbeid.

Kommunen skal og syta for tenester til nyankomne innvandrarakar busett i kommunen.

2. Måloppnåing

I 2010 hjalp sosialtenesta 63 personar i kommunen med ulike formar for ytelsar og hjelp, og av desse var 8 flyktningar.

Målet har vore å få så mange mottakarakar av økonomisk sosialhjelp som mogeleg over i inntekstgjevande sjølvstendig arbeid, gjennom NAV Stat eller på ulike formar for trygdeytningar gjennom NAV Stat. I samarbeid med NAV Stat og gjennom systematisk og grundig arbeid frå sosialtenesta, har det lukkast å redusera talet på passive langtidsmottakarakar av økonomisk sosialhjelp monaleg. Talet på personar pr. 31.12.2010 som kun hadde økonomisk sosialhjelp som hovudinntekskjelde var redusert til 3 personar.

Antal personar som var inne i kvailfiseringsprogrammet pr. 31.12.2010 var 2 personar, eit tal som skal aukast til 3 i 2011.

Flyktningetenesta hjalp 15 personar i 2010, alle frå Eritrea. Ved utgongen av året hadde me 15 flyktningar totalt. I januar 2010 fekk me 1 ny einsleg flyktning frå Eritrea, og i februar fekk me

2 familiar til frå Eritrea fordelt på 2 vaksne og to born, og ein vaksen med 4 born. I oktober kom det 2 nye einslege.

3. Ressursbruk

Sosialtenesta hadde ei ramme for økonomisk sosialhjelp i 2010 på kr. 1450000,-, som vart brukt i samsvar med ramma.

Kommunen mottok statstilskot i 2010 til integrering av flyktningar på kr. 1883000 som er brukt i samsvar med ramma.

4. Viktige hendingar

Eininga hadde 2 vellukka fellessamlingar på Frøland kraftverk Totland i 2010 med sosialt og fagleg innhald. I mai var tema samhandlingsreforma, kor viseadm. direktør i Helse Bergen Anne Sissel Faugstad og klinikkisjef Kari Lossius frå Bergensklinikane var foredragshaldarar. I desember var det samling nr 2 med tema rus og tema flyktningar, kor Strax-huset i Bergen og IMDI Region Vest var foredragshaldarar.

I tillegg var det 2 vellukka fagsamlingar mellom NAV Samnanger og NAV Fusa, også desse på Frøland kraftverk i mai og desember, med tema interne rutiner og prosedyrer og kulturbygging.

I tillegg hadde sosialtenesta tilsyn frå Fylkesmannen i Hordaland i 2010 med fokus på interne rutiner og sakshandsaming. Kommunen fekk to merknader frå Fylkesmannen på kvalitetssikring av handsaming av søknader om økonomisk sosialhjelp. Desse er retta opp.

5. utfordringar vidare

Fortsatt kvalitetssikra tenesta gjennom å sikra rettstryggleiken for brukarane. Dette er å ha maksimum 3 veker sakshandsamingstid på søknadane som kjem inn, og å sikra at kvar einskild søkjar får det ein har krav på etter lova, etter ei god og forsvarleg sakshandsaming. Justera sosialhjelpssatsane utifrå dei statlege rettleiande retningslinjene for utmåling av stønad til livsopphald etter §§ 18 og 19 i den nye lova om sosiale tjenester i arbedis- og velferdsforvaltninga. Desse må justerast kvart år etter desse og konsumprisindeksen som dei byggjer på.

Gjera tenesta så synleg og ivaretakande som mogeleg, og å samarbeida med andre delar av forvaltninga både internt i kommunen og eksternt. Interne samarbeidspartnarar kan vera eining for pleie- og omsorg og då spesielt konsulent for funksjonshemma og psykiatrisk sjukepleiar i tillegg til legetenesta. Eksterne kan vera til dømes ulike institusjonar innan psykiatrien og rusomsorgen. Det er også friviljuge organisasjonar som til dømes Røde Kors og Frelsesarmeen. Spesielt viktig vert samarbeidet frametter i NAV Samnanger.

Jobba vidare med det nye Kvalifiseringsprogrammet etter Lov om sosiale tjenester i NAV. Dette er eit arbeidskvalifiseringsprogram finansiert av statlege midlar administert av kommunen i den nye NAV- reformen. Tanken bak er å kartleggja og hjelpa mogelege eksisterande og nye brukarar som kan tenkjast å ha ei arbeidsevne fullt ut eller delvis, som kan hjelpast attende inn i arbeidslivet. NAV Samnanger hadde eit måltal for 2010 på 2 nye brukarar, som ein greidde å oppnå.

Vektleggja førebygging som eit ledd i å motverka og å forhindra sosiale problem.

Spesielt viktig er det her å gripa fatt i dei personane som både slit med rusproblem, psykiske problem og økonomiske problem. Dette er ei aukande gruppe som krev ekstra ressursar.

Ein vil og freista å redusera antalet langtidsmottakarar av økonomisk sosialhjelp ytterlegare.

Det er vanskeleg å få flyktningane integrert i lokalsamfunnet. Dei klarar seg ikkje utan hjelp, sjølv om nokre har fleire ressursar å spela på enn andre. Spesielt krevjande er det å ta imot totalt 16 nye flyktningar frå Eritrea, som vil krevja mykje arbeid frametter. Mål og utfordring vidare vert å freista å få dei meir integrert i lokalsamfunnet, og å få dei ut i utdanning og arbeid.

Samarbeidet i NAV Samnanger har vore særst godt i 2010, med ein felles kultur og eit godt og konstruktivt samarbeid mellom dei tilsette til beste for publikum.

BARNEVERN TENESTA

1. Ansvarsområde

Arbeider hovudsakleg utifrå Lov om barneverntjenester. Barneverntenesta skal sikra at born og unge som lever under tilhøve som kan skada deira helse og utvikling, får naudsynt hjelp og omsorg til rett tid. Tenesta skal også bidra til at born og unge får trygge oppvekstvilkår.



Barneverntenesta skal følgja nøye med i dei tilhøve borna i kommunen lever under, og har eit ansvar for å finna tiltak som kan førebyggja omsorgssvikt og åtferdsproblem. Tenesta har eit spesielt ansvar for å søkja om mogeleg å avdekkja omsorgssvikt, åtferdsproblem og sosiale og emosjonelle problem så tidleg at varige problem kan unngåast, og å freista å setja inn tiltak i høve dette.

Hovudmålgruppa er born og unge i alderen 0- 18 år, men barneverntenesta kan og hjelpa unge fram til 23 år dersom det er behov for hjelp i særskilde høve utifrå ei konkret og individuell vurdering.

2. Måloppnåing

I 2010 var tenesta inne med hjelp til 26 born og unge totalt, kor 21 fekk hjelp i form av friviljuge hjelpetiltak, og 4 som barneverntenesta hadde omsorgen for i fosterheim, og eit barn i institusjon.

Barneverntenesta mottok 25 nye bekymringsmeldingar i 2010, herav gjekk 18 vidare til undersøkjing.

Barneverntenesta hadde også ansvaret for tilsynsførar i 2 ulike fosterheimar i kommunen, med born plassert der frå andre kommunar.

Utifrå dei tidsfristane som lova set opp, har alle nye saker vore innanfor fristane med omsyn til dei ulike fasane ei ny sak er inne i. Dette er ein rettssikkerheitsgaranti for brukarane som er særst viktig å halda.

3. Ressursbruk

Eininga har også i året 2010 jobba med oppfølging av nokre tunge barnevernssaker, og tre av desse har vore særst ressurskrevjande, noko som har medført at mykje ressursar har gått med til

dette. I tillegg har talet på nye innkomne bekymringsmeldingar også vore høgt i 2010, med 26 saker, noko som har krevd mykje ressursar. Mange av desse sakene vert også særskild ressurskrevjande i 2011, samt nye meldingar som stadig kjem inn og må handsamast.

4. Viktige hendingar

Det har vore ei revisjon med forslag frå Barne- og Likestillingsdepartementet til endringar av nokre punkt i Lov om barneverntjenester, mellom anna eit utvida krav om ettervern i saker om ettervern og lovfesting av individuell plan i barneverntenesta. Det er også no føreslått ei plikt å gjeva attendemelding til meldar og ei utviding av adgongen for barneverntenesta til å gjeva opplysningar til helsepersonell. I tillegg er det føreslått ei meir tydeleggjering av oppfølgingsansvaret for barneverntenesta og eit krav om evaluering kva gjeld hjelpetiltak, og presisering av kriteriane for oppheving av vedtak om omsorgsovertaking. Det er også innført eit krav om at alle sakkunnige rapportar frå t.d. psykologar som vert nytta av barneverntenesta, skal føreleggjast for ein nemnd i Oslo som skal godkjenna vidare bruk av desse.

5. utfordringar vidare

Arbeida vidare med nokre tunge barnevernssaker.

Fortsetja arbeidet med å ”ufarleggjera” barneverntenesta, gjennom å synleggjera tenesta for innbyggjarane som ei hjelpeteneste, og gjennom samarbeid med ulike instansar i kommunen, både offentlege, private og friviljuge. I dette ligg også å jobba førebyggjande.

Barneverntenesta er hovudsakleg ei hjelpeteneste som er til for å hjelpa born og unge, og tenesta vil fortsetja å leggja særleg vekt på det førebyggjande arbeidet. Samarbeid med internt med skulane, barnehagane, helsesøster og Pedagogisk Psykologisk Teneste (PPT), vert også særleg viktig å prioritera. Viktig er også å samarbeida vidare eksternt med til dømes Bufetat og herunder fosterheimar og barnevernstinstitusjonar, i tillegg til rusomsorgen og barne- og ungdomspsykiatrien, i tillegg til andre kommunale barneverntjenester og Barnevernvakten og Barnehuset ved Hordaland Politidistrikt i Bergen.

Lova set opp ulike fristar for sakshandsaming av bekymringsmeldingar som tenesta mottek både frå private og offentlege meldarar, og ein vil ha særskild merksemd på dette slik at krava i lova vert oppfylde i dei ulike fasane som ei barnevernssak kan vera i. Samarbeid med Fylkesmannen i Hordaland er her spesielt viktig, sidan Fylkesmannen er kontrollinstans og kan i tillegg gjeva råd- og rettleiing i ulike spørsmål.

HELSE

FYSIOTERAPITENESTA

1. Ansvarsområde

Kommunefysioterapeuten har hovudansvar for barn 0-16 år. Kommunefysioterapeuten

har ansvar for heimebuande som treng behandling i heimen, bebuarane på Samnangerheimen og andre personar som treng brei tverrfagleg oppfølging av fleire yrkesgrupper. Kommunefysioterapeuten er koordinator for habilitering og rehabilitering i kommunen og kontaktperson for hjelpemiddelsentralen. Kommunefysioterapeuten står for søknad og formidling av dei fleste av hjelpemidla som blir levert ut frå Hjelpemiddelsentralen.



2. Måloppnåing

Både kommunefysioterapeuten og den private fysioterapeuten har ikkje ventelister, og det er jamn tilgang med nye pasientar. Samnanger Fysikalske Institutt har no ope alle dagar i veka, og nokre kveldar.

3 Ressurstillgong

Budsjettet har vorte nytta innafor ramma for 2010.

4. Viktige hendingar

- Kommunefysioterapeuten har delteke på 3 dagars ”Grunnkurs i fallførebygging blant eldre”.

5. Utfordringar

- Jobba vidare med å kvalitetssikra arbeidet gjennom rutinar. Dei fleste rutineane er på plass, men dei skal samlast i eit nettverk for pleie- og omsorg og sosial- og helse. Halda fram med fokus på Individuelle planar.
- Som den personen med mest kunnskap til hjelpemiddel er det ein utfordring å halde seg oppdatert på alle områda. Det har dei siste åra kome ein del nye hjelpemiddel i forhold til kognisjon og kommunikasjon. Dette er område som naturleg fell til ein ergoterapeut eller i nokon tilfeller logoped sine arbeidsoppgåver. I mangelen av desse profesjonane har kommunefysioterapeuten måtta satt seg inn i det, og formidla desse hjelpemidla. Eg ser for meg at dette vil auka i åra framover, og kommunen har behov for ein ergoterapeut som jobbar med tilrettelegging av dagleglivet for brukarane.

HELSESØSTERTENESTA

1. Ansvarsområde

Helsesøster sitt hovudansvar er å driva førebyggjande arbeid i aldersgruppa 0-20 år. Under dette kjem helseundersøkingar, rådgjeving, psykososialt arbeid, opplysningsarbeid individuelt og i grupper, heimebesøk, oppsøkjande verksemd, samarbeid med skule om undervisning og oppfølging av barn med særskilde behov, informasjon og tilbod om vaksine og elles tverrfagleg samarbeid.



2. Måloppnåing

Tenesta er godt tilgjengeleg både på Helsetunet og på skulane.

Nasjonale tilrådingar for helsestasjonen og skulehelsetenesta og lokal plan for skulehelsetenesta, vert fylgde og planlagde tiltak utførde. Det er ikkje noko nemneverdig sjukefråvær ved helsestasjonen.

Det har ikkje vore nemneverdige inntekter på reisevaksiner dette året.

Utanom produserte tenester, har helsesøster hatt ansvar for ulike samtalegrupper på skulane i tillegg til undervisning. Helsesøster tek òg del i ansvarsgrupper.

Det vart i haust kome i gang med grupper for ungdomskuleelevane. Frå august fekk alle nybakte foreldre tilbod om heimebesøk.

Helsesøster har også delteke på foreldremøte for 8. klasse i haust, saman med barnevernstenesta og PPT. Samt vore med på rusførebyggjande dag på Ungdomsskulen.

Tilbod om kurset "Godt samliv" vart gjeve i samarbeid med Indre Arna helsestasjon. Det har ikkje vore påmelde til dette kurset gjennom året.

Helsestasjonen har ikkje drive med så mykje reisevaksinering dette året.

Det blei i haust innført Infodoc plenario, ei nyare utgåve av den ein tidlegare har hatt. Litt småproblem i høve dette har det vore, men det fungerer stort sett bra. Ein har laga ein del nye informasjonsskriv til føresette og barnehage.

Jentene i 8. klasse som takka nei til HPV- vaksine i fjor, har fått nytt tilbod i år.

3. Ressurstilgong

Budsjettet har vorte nytta innafor ramma for 2010.

4. Produserte tenester

Tal på konsultasjonar 0-6 år	438
Tal på konsultasjonar 1-10 klasse	219
Konsultasjonar vaksne(utanom infl.vaks.)	3
Heimebesøk (inkl.barselbesøk)	7
Konsultasjonar HFU	0
Influensavaksiner/pneomokokk	0
Reisevaksiner	0

5. Viktige hendingar

Helsesøster Gunn Totland Moss har slutta i stillinga som leiande helsesøster. Hildegunn Øygard har jobba 60% stilling frå utgangen av januar 2010 til desember. Jordmor Hilde Grindevoll har hatt 20% av stillinga. I august byrja Randi Haugse Rød i 40% vikariat, dette vart fast i desember. Kari Anne Tolås Boge byrja i fast 60% stilling i desember.

Randi har no ansvar for skulehelsetenesta, Kari Anne for helsestasjonen. Helsestasjon for ungdom er ikkje open på ettermiddag, men ungdommane er velkomen i opningstida til helsestasjonen.

6. Utfordringar vidare

Helsestasjonen er no bemanna med to helsesøstre som delar ein 100% stilling, dette ser ut til å vera ei god løysing. Men me ligg framleis under på bemanning utifrå normtal som er skisserte i utviklingsstrategi for helsestasjons- og skulehelsetenesta.

Helsesøstrene ynskjer å halda fram med godt samarbeid med samarbeidspartnarane sine. Helsestasjonen ynskjer å tilby gruppe til alle nyfødde i Samnanger. Det er òg eit ynskje å vidareføra grupper for elevane på ungdomsskulen.

Me ynskjer å marknadsføra "Godt samliv" kurs for foreldrepar som får sitt fyrste barn saman. Desse kursa er eit samarbeid med Arna helsestasjon.

Det er store manglar på rapportering av vaksiner til Sysvak. Helsestasjonen må etterregistrera eit stort antall vaksiner for at vaskinasjonstatusen skal vera fullstendig og oppdatert.

Ein må samla prosedyrar ein har, og eventuelt utarbeida nye, og få dei på felles portal. Dette for at alle som treng dei enkelt kan finna fram.

JORDMORTENESTA

1. Ansvarsområde

Primært gravide frå kommunen.

2. Måloppnåing

Oppfølging av den gravide og det ufødde liv.

St. melding 12 - Oppfølging av mor barn dei fyrste 6 – 8 vekene etter fødselen.



3. Ressurstilgong

Budsjettet for 2010 har vore brukt i samsvar med ramma.

4. Viktige hendingar

Talet på nye gravide gjekk noe ned i 2010. Om lag 25 frå Samnanger og 2 frå nabokommunar.. Fødde barn i kommunen var 24 – 9 jenter og 15 gutar . Fødde barn frå nabokommunen Fusa var 1.

Jordmor har vore på kurs.

Jordmor har kjøpt anatomisk bekken for å vise og forklara kva som skjer i graviditeten og i fødselsprosessen.

5. Utfordringar

Framleis eit jamt sig av gravide. Dei skal følgjast opp i svangerskapet på ein medisinsk forsvarleg måte. Nokon krev meir tid og resursar. Det vil alltid vera og me har gravide med risikosvangerskap, som krev meir oppfølging og ressursbruk enn andre. Det har vore vanskeleg å få dekkja etterspørselen på jordmortid til dei gravide første halvår av 2010, då jordmor og fungerte som helsesøster. Hausten 2010 har det vore betre tilgong på jordmortid.

Det har og i 2010 gått utover anna arbeid og dagane har vore lange.

Stillinga er for lita etter dagens etterspørsel, jmnfr St. melding 12 ”En gledelig begivenhet” og dep. retningslinjer.

6. Utfordringar og mål i 2011

Utfordringar

Å få dekkja etterspurnaden på jordmortid og få gjennomført kontrollane på ein medisinsk forsvarlig måte, dersom det blir auking av gravide og fødselar i 2011. So langt i 2011 har me fått 4 barn og 5 nye gravide. God start på året.

I St. melding 12 ”En gledelig begivenhet” ligg det at jordmor er den med best kompetanse på mor og barn i barseltida, dvs. dei første 6 – 8 vekene etter fødselen. Det er anbefalt at jordmor har ansvaret.

Å få *tid* til dei andre oppgåvene som ligg i jordmortenesta.

Oppjustering av lønn så den samsvarar med lønna til dei andre kommunejordmødrene og arbeidsoppgåvene deira.

Auka jordmorstillinga.

Internkontroll.

Mål

Samsvarar med utfordringar i 2010.

Ny doppler, da den som er i bruk ikkje alltid fungerer som den skal.

Ny doppler kostar mellom kr. 6 – 7000,- kr. innkl. mva.

Skulering/oppdatering via kurs- seminar.

Auka jordmorstillinga.

LEGETENESTA

1. Ansvarsområde

Legetenesta har ansvar for allmennlegetenesta ved Samnanger legekantor, tilsynslegetenesta ved Samnangerheimen, legetenesta ved helsestasjonen og skulehelsetenesta. I tillegg har kommuneoverlegen ansvar for miljøretta helsevern, smittevern, helseovervaking, helsemessig beredskap, medisinsk fagleg rådgeving overfor kommunen, samt deltaking i kriseleiing ved behov.

Kommuneoverlegen er dessutan leiar for legekantoret.

Stillingsressursar

Kommunale legestillingsressursar

30% stilling som tilsynslege ved Samnangerheimen, fordelt på to stillingar på 20 og 10%.

10% stilling som helsestasjonslege/skulelege.

30% stilling som kommuneoverlege.

Kurative legeressursar

4 fastlegeheimlar med totalt listetak på 2925 pasientar. Fastlegeheimlane er fordelt over totalt 10 legedagar pr veke. Me har difor normalt 2 legar i kurativt arbeid kvar dag gjennom veka.

Stillingsressurs helsesekretær

Totalt 220 % stilling som helsesekretær, fordelt på 3 helsesekretærar, kor ei er leiiande helsesekretær.



2.Måloppnåing

Stabilitet

Samnanger kommune har gjennom mange år hatt utfordringar knytta til ustabil legedekning ved legekantoret. Det vart difor i 2009 gjennomført omlegging til interkommunal legevakt og omgjering av turnuslegestillinga til fast tilsatt lege. 2010 har vore eit stabilt år ved legekantoret, og det har ikkje vore utskiftingar i personalet.

Dei siste 3 åra, 2010 inkludert, har det vore ein total auke i antal pasientar på fastlegelistene i Samnanger. Våren 2008 var det 1981 pasientar på våre fastlegelister. Våren 2011 er talet 2057. Dette er ein auke på 4%, klart over auka i folketalet. Dette tyder på at pasientar som tidlegare har nytta fastlege i omkringliggande kommunar, no i aukande grad vel legar ved vårt eige legekantor. I tillegg ser me at nokre pasientar frå andre kommunar også vel seg fastlege ved Samnanger legekantor. Me har god kapasitet ved legekantoret, kort ventetid, og framleis ledig listekapasitet.

Legevakt

2010 har vore det fyrste heile året med interkommunal legevakt. Overgong til interkommunal legevakt har i det store og heile gått bra. Problema har stort sett vore tekniske vanskar knytt til telefonsystemet.

3.Viktige hendingar

Brannøving

Det vart gjennomført ei tunellbrannøving hausten 2010. Ein lege frå legetenesta deltok her. Øvinga gav oss verdifulle erfaringar både i forhold til samhandling med dei øvrige instansane i beredskapstenesta i kommunen, samt erfaringar i forhold til vår eigen kompetanse i slike hendingar.

Smittevern og miljøretta helsevern

Det har innanfor dette ansvarsområdet ikkje vore større hendingar i 2010.

4.Utfordringar vidare

Interkommunal legevakt

Det gjenstår framleis noko kvalitetssikring av telefontilgongen på legevakta. Det er viktig at innbyggjarane i Samnanger kjenner seg trygge på at dei kjem raskt fram til helsepersonell når dei ringer. Den nyleg gjennomførte brukarundersøkjinga (primo 2011) vil gje viktige signal til vidare forbetring av legevaktstenesta.

Samhandlingsreforma

Regjeringa la fram stortingsmelding om samhandlingsreforma i juni 2009. Hovudmål med denne reforma er å få til betre samhandling mellom 1. og 2. linetenesta. Eit viktig verkemiddel er å overføre meir ansvar for pasientbehandling til kommunane, behandling som no vert utført i 2. linetenesta. Vidare la regjeringa i oktober 2010 ut forslag til ny helselov og ny lov om

kommunale helse- og omsorgstenester. Det vart og lagt ut forslag til ny nasjonal helse- og omsorgsplan. Desse verkemidlane er naudsynte for å heimla endringar som trengs for å nå dei nasjonale måla.

Samfunnet skal ha auka fokus retta mot helsefremmande og førebyggjande helsearbeid. Ny lov om folkehelselov vektlegg at dette ikkje lenger skal være eit ansvar for helsetenesta aleine, men at heile kommunen sine ulike sektorar skal bidra, og at dette i større grad skal nedfellast i kommunen sitt planarbeid.

Samhandlingsreforma vil krevja utfordringar i forhold til økonomisk ressurstilgong og tilgong til kvalifisert legeressurs. I 2010 har det vore møte mellom kommunane Fusa, Os og Samnanger for å sjå kva me saman kan få til når det gjeld samhandling.

Det vert spanande og sjå kva desse endringane i lovverk og planar vil få av praktiske utfordringar for legetenesta i Samnanger frametter ikkje minst i forhold til behov for auka kommunal legeressurs innanfor sjukeheim og miljøretta helsearbeid.

OPPSUMMERING

Eininga har dyktige medarbeidarar som innehar stor røynsle og som utøver eit kvalitativt særst godt fagleg arbeid. Alle har bidratt til det gode resultatet som sosial- og helseeininga oppnådde i 2010, og som legg eit særst godt grunnlag for det vidare arbeidet i 2011.

Tysse, 01.03.2011

Thore Austnes

Leiar for sosial – og helse eining



TEKNISK EINING

Teknisk Eining har ansvar for :

- Saker etter plan og bygningslova
- Kart og oppmåling
- Miljø
- Vedlikehald av kommunale bygg, veg-, vatn- og avlausanlegg.
- Feiing, brann og redningsvesen.

Ny leiar for drift og vedlikehald frå august 2010: Endre Kulleseid

Ny einingsleiar frå oktober 2010: Kenth P. Opheim

Samnanger har felles landbrukskontor med Fusa Kommune. Kontoret har ope kvar måndag.

Det har vore store organisatoriske endringar i eininga i 2010. Ny leiar på drift og vedlikehald samt ny teknisk sjef vart tilsett seint på året. Grunna høgt sjukefråver og permisjon har arbeidsbelastninga til tider vore stor. Me fikk også tilsett ny medarbeidar på plan og miljø på slutten av året. Oppmålingsingeniør er i permisjon frem til august 2011, noko som har medført at eininga har kjøpt oppmålingstenestene eksternt. Sekretær på eininga har vore tilsett på 60 %, frå 2011 er denne stillinga auka til 80%. Sekretær har hatt store utfordringar med m.a. matrikkelføring, et arbeid som tidlegare vart utført av oppmålingsingeniør og frå statens kartverk. Oppmålingsingeniør er tilbake i august 2011.

Rutinane for innkjøp av varer og tenestar har vore reviderte på slutten av året. Hensikten med dette er å betre innkjøpsrutinane kor færre personar i kommunen har direkte kontakt med leverandørane. Leverandørane på sin side ynskjer ein kontaktperson i kommunen. Me har inngått nye rammeavtalar på elektro og oppmålingstenestar. Eit anna omfattande og nødvendig arbeid me har starta, er utarbeiding av vedlikehaldsplanar for alle kommunale bygg. Vedlikehaldet på kommunale bygg er forsømt dei seinare åra, noko som gjer at etterslepet er betydelig. Dette vil verta ein prioritert oppgåve i 2011.

Kommunen overtok Ådland Vassverk med tilhøyrande abonnentar. Ådland Vassverk omfattar 14 hus, ein tomannsbustad, 3 driftsbygningar, 8 leilegheiter, 1 næringsverksemd og 1 hytte.

Det har vore aukande interesse for tomtekjøp i Rolvsvåg Industriområde. Det er p.t ingen ledige tomter i noverande felt, noko som gjer at detaljplanlegging av Øvre Rolvsvåg Industriområde vert sett i gang tidleg i 2011.

Kommunen mottok 101 søknader og meldingar om tiltak i 2010. Av desse vart 65 ferdig handsama. Gjennomsnittleg handsamingstid for søknad om tiltak i 2010 vart 60 dagar. Kommunen har ikkje overskredde lovpålagt handsamingstid for søknader om tiltak. Sakshandsamingstid for oppretting av grunneigedom vart 90 dagar, i 10 saker vart fristen overskredde.

Byggeaktiviteten i kommunen har vore låg. Det kan ha samanheng med at det minkar på ledige tomtar i dei kommunale bustadfelt på Lønnebakken og i Rolvsvåg. Kommunen har tidleg i 2011 sendt melding om tilbakekjøp av 3 ubebygde tomtar i Lønnebakken kor fristen for byggestart er overskrede. Nokre av desse er tomtar med særst god beliggenheit og me reknar med at dei er lett å selja.

Vinteren kom for fullt i november med tilhøyrande kuldeperiode. Dette medførte at vasstilførselen til Rolvsvåg vassverk vart mangelfull. Situasjonen var så alvorleg at kommunen valde å kjøpe ein tankbil som ei reserveløysing i denne perioden. Driftsavdelinga gjorde ein kjempeinnsats døgnet rundt i denne perioden. Tankbilen vil også vertz nytta som ekstra ressurs for brannvesenet i åra framover, og den er plassert i brannstasjonen.

Det vart utført vernerunde i desember.

Veg.

Det er brukt mykje ressursar på ”lapping” av dårlege asfaltdekker på kommunens vegar. Vegane er nedkjørde og svært oppsprukne. Manglande grøfterensk gjer at det krev ekstra ”lapping” då regnvatn øydelegg vegbana.

Flaumsikring av bekk ved Dråpeslottet er utført og ser ut til å fungere bra.



Det er rydda busker og tre langs kommunale vegar fleire stader, men mykje gjenstår. Vidare er det etablert 7 nye gatelys i samband med sikring av skuleveg på Haukanes vegen. Fjellsikring i Lønnebakkfeltet er utført.



Bygg.

Grunna store snømengder måtte snø fjernast frå mange kommunale tak, noko som vart svært ressurskrevjande, ekstern hjelp måtte leigast inn.

Nedlegging av Nordbygda skule samt overflytting til Samnanger barneskule medførte mykje ekstra arbeid for driftsavdelinga. Oppretting av ny avdeling i Nordbygda barnehage førte til ekstra oppussing og monteringsarbeid.

Tiltak som må nemnast for året som gjekk er: Oppussing av leilegheit Skjervo, etablering av nytt bad på Samnangerheimen, bygging av sykkelskur ved Tysse ungdomskule, opparbeiding av utendørs leikeanlegg ved Dråpeslottet barnehage, etablering av gangsti mellom Nordbygda barnehage og skule, oppussing av gang i kommunehuset.



Brannalarmen på Samnangerheimen er utslitt, noko som har medført ekstrakostnader til reparasjon i påvente av nybygg og installasjon av ny alarm. Kompressor i varmepumpe på barneskulen måtte skiftast noko som viser at tekniske installasjonar begynner å verta eldre og krev meir vedlikehald. Det vart skifta ut omformer og fleire delar til styring av ventilasjonsanlegget på Nordbygda skule. Fleire tekniske installasjonar tilhøyrande bassenget på Samnanger ungdomsskule er skifta i 2010.

Avlaup.


Taket på pumpehuset på Steinsland braut saman av snøtyngda og måtte rehabiliterast til ein kostnad på kr. 70.000. Defekt pumpe i pumpestasjon i Nordbygda måtte skiftast til ein kostnad kr. 50.000 inkl. arbeid. I Lønnebakken fekk avlaupsrøra besøk av ein katt før jul, noko som medførte at ein redningsaksjon vart satt i verk. Dette arbeidet vart tidkrevjande grunna tele, vassrøyr og kablar. Kostnad for aksjonen vart kr. 20.000,-. Rist er nå påmontert for å unngå slike hendingar i framtida.

Det har vore fleire tette kloakkrør kor Teknisk har skaffa utstyr for inspeksjon og spyling. Dette er kostnadskrevjande arbeid. Avlaupsleidningen frå Øvre Steinsland ned mot molo er eit strekk som må vurderast rehabilitert.

Vatn.

Det har vore problem med at elva frys i Rolvsvågen noko som gjer at pumpene i vassverket stoppar. Vassinntaket i vassverket var nesten tørt grunna lekkasje frå elva og inn i gammalt sandtak i området. Det blei lagt ut pumpeleidning frå kulp lenger oppe i elva og forbi sandtak slik at vatnet vart leia direkte til inntaket. Dette kravde strømaggregat, utlegging av pumpeleidning og vakthald. Det ble seinare etablert strøm med kabel frå vassverk til pumpe i kulp. Det har kome til 22 nye abonnentar i 2010.

Utvikling av abonnentar frå 2007- 2010 i Samnanger Kommune



Rekneskapet for vatn syner eit overforbruk på omlag kr.400.000,-. Årsaka til overskridinga ser ut til å vera:

- nytt tak vassbasseng på Steinsland kr.75.000,-
- vass lekkasje på Lønnebakken kr.85.000,-
- vassforsyningsproblem Rolvsvåg kr.70.000,-
- tining av vassledning kr.35.000,-
- Vannlekkasje i Haga ved årskiftet 09/10, ført på 2010 med kr.30.000,-
- Rolvsvåg vassverk, skifte av UV lamper kr.25.000,-



Hovedvassleidning på Lønnebakken fraus og vi måtte leiga rørleggjar for opptining. Deretter måtte vi leiga entreprenør for oppgraving og isolering av vassrør. Årsaka var at skråning på utsida av vegen er etablert av stor stein som ikkje er dekkja med jord. Frostena går då inn i steinfyllinga og vassleidning fryser. Fyllmassane rundt røyra var for grove og måtte skiftast. Skråning og grøft er nå dekkja til. Dette arbeidet fekk ein prislapp på kr. 85000,-.

Grunna kaldt vær har vi leigt inn rørleggjar for tining av vassrør fleire stader. Eininga vurderer om kommunen skal gå til innkjøp av slikt utstyr til neste vinter.

Vintervedlikehald

Januar, februar og mars 2010 var snørik, noko som medførte store utfordringar for både menneskap og utstyr. Vinteren starta allereie i oktober med glatte vegar og fram mot jul kom mykje snø. Dette har påført kommunen store lønsutgifter og stor bruk av overtid. Grunna glatte vegar har forbruket på salt og strøsand vore høgt. Bilar, maskiner og utstyr vert mykje brukt på denne tida, noko som også medfører høysesong for driftsutgifter og reparasjonar. Dei fleste utbetringane vert utført av eigne menneskapar, slik at driftsstansen vert minimal.

Det har vore brukt store mengder salt og strøsand for å halda ein forsvarleg standard på kommunale vegar. Ordninga med 50 sandkasser som er plasserte rundt i kommunen er svært kostbart og til liten nytte.



Vinterberedskapen starta opp 15. desember. Lastebil og traktor blir brukt etter behov innanfor normal arbeidstid. Grunna avspassering, aldersamansetting og lav bemanning er det store utfordringer med å opprettholda ein forsvarleg beredskap. Tilsette på drift/vedlikehaldsavdelinga har utvist ein fantastisk innsast i årets vintervedlikehald og beredskap.

Idrettsanlegg/leikeplassar.

Grasmatta på fotballbanen er djuplufta. Eininga har no fått til eit samarbeid med Askøy kommune som inneheld opplæring og lån av utstyr til djuplufting. Dette gjer at vi sjølve har fått kompetanse samt at arbeidet vert utført fagmessig til ein redusert pris. Djuplufting må utførast årleg. Det er laga ein ekstra dreneringssluk på grusbana, samt at grøfta i nordre del er reinska. Dette for å unngå at vatnet kjem inn på løpebana. Gangveg frå P- plass til klubbhus har fått belysning.

Ballbinge inkl. grunnarbeid på Samnanger barneskule er etablert. Leikeområde på nedsida av ballbinge er opparbeida. Vidare vart det laga to steinmurer og fleire asfalterte parkeringsplassar.

BRANNVESENET

Samnanger brannvesen har i løpet av 2010 hatt 9 øvingar inklusive pumpeøvingar. Vidare har det vore to øvingar på nedbrenning av bygningar. Dette arbeidet er utført på dugnad. Honorar for nedbrenning har uavkorta gått med til innkjøp av nytt utstyr til brannvesenet. Det har vore ein stor tunneløving kor helse, politi og nabobrannvesen har delteke.



Utrykkingar

Det har totalt vore 22 utrykkingar. 15 av desse har vore trafikkulykker, 5 brannutrykkingar, eit helseoppdrag og ein unødig befalsutkalling.

Det har vore utført 23 branntilsyn i eigen kommune, samt at me har hatt tilsyn frå DSB. Der fekk ein to avvik og ein anmerkning. Dette gjekk i hovudsak på kompetanse og stillingsstorleik.

Hadeland varme har utført feiing i heile kommunen.

First responder:

Det har vore fire øvingar.

Totalt gjennom året har me notert 61 utrykkingar.

Samarbeid med Fusa kommune

Kommunestyret har fatta vedtak om samarbeid, etter plan utarbeida av styringsgruppe. Det vart sett ned ei arbeidsgruppe som har utarbeida budsjett (felles leing og feing), samarbeidsavtale og rapport på samarbeidsproblematikk.

Tilsatt felles varabrannsjef. Gunnar Hatlelid.

Det er tilsett felles feiar for Samnanger og Fusa. Feiaren har kontorstad i Samnanger.

Samnanger Brannvesen har og vore ansvarleg for 2 øvingar i Fusa.

Det har vore utført 40 av 44 branntilsyn på særskilte brannobjekt i Fusa.

LANDBRUKSKONTORET

Landbrukskontoret for Fusa, Os og Samnanger har hatt eit svært travelt år, men vi har vore bevisst på prioritering av oppgåver og å hjelpe kvarandre for å kome i mål. Vi har hatt stort fokus på arbeidsmiljøet, dette er særleg viktig når vi har kontor i tre kommunar.

Samarbeid med andre einingar fungerer godt. Vi er aktivt med i arbeidet med mange saker, særleg innan arealforvaltning.

Det har vore stor aktivitet i landbruket i Samnanger i 2010. Kommunen er med i prosjekt "livOglyst" i regi av fylkesmann, fylkeskommune og Innovasjon Norge, samt ungdomsprosjekt for å nå ungdom med informasjon om landbruksnæringa. Det er eit mål at ungdom skal sjå landbruk som attraktiv næring.

Prosjekta har vore med å stimulert til interesse for næringsutvikling og småskalaproduksjon i landbruket, Inn på TUNET og andre aktivitetar. 2 føretak fekk tilskot frå Innovasjon Norge til tilleggsnæring på landbrukseigedom.

23 føretak søkte produksjonstilskot i 2010 (22 i 2009), 5 av desse er mjølkeprodusentar. Areal var 2406 dekar (2375 dekar i 2009). 2 føretak fekk midlar til å rydde gamle beiter, og 1 føretak til restaurering av utløe (SMIL-midlar).

I skogbruket vart det registrert 109 m³ hogst.

Dette er lågt tal, men i tillegg kjem tømmer og ved til eige bruk. Det vart planta på 22 dekar skogsmark og utført ungskogpleie på 30 dekar. 3 føretak fekk tildelt tilskot til skogkulturarbeid (NMSK-midlar).

Det vart gjeve 174 fellingsløyve for hjort i 2010 og felt 153, det vil sei ein fellingsprosent på 88%. Lokale mål for hjorteviltforvaltning (Fusa, Os og Samnanger) vart ferdig. Planforslaget vekte debatt, og det kom mange innspel. Slikt engasjement fører til at planprosessar tar tid, men det blei godt resultat med tydelege mål og tiltak.



Mål og fokusområde:

Landbrukskontoret skal utvikle arbeidsmiljøet og fagkompetansen.

Vi arbeider aktivt for at vi skal vere eit godt team som leverer gode tenester i alle tre kommunane. I 2010 hadde vi spesielt fokus på nye reglar i jord- odels- og konsesjonslova. Dei nye reglane har konsekvensar for mange grunneigarar.

Vi vil synleggjere landbruket sitt kulturlandskap og verdiane knytt til dette i vid forstand.

Vi arbeider kontinuerleg med informasjon om kulturlandskap og tilskot til tiltak i landbruket sitt kulturlandskap (SMIL-midlar). I 2010 hadde vi særleg fokus på rydding av attgrodde beiter. Desse areala er viktige både som beiteområde, som rekreasjonsområde og reint visuelt, og det betyr at kulturlandskapet er viktig både for næringa, ålmenta (helse og trivsel) og for folk som er på besøk i Samnanger kommune (turisme). Vi laga ny strategi for bruk av SMIL-midlar i 2010.



Vi skal vere aktive medspelarar i samband med næringsutvikling i landbruket.

Med næringsutvikling tenkjer vi både på tradisjonelt landbruk og tilleggsnæringar. Det har vore stort fokus på unge i landbruket og tilleggsnæringar i samband med prosjekta som Samnanger er med i.

To personar på landbrukskontoret var på kurs om næringsutvikling i landbruket (Innovasjon Norge/fylkesmannen) i 2010.

PLEIE OG OMSORG



Julebord på dagsenteret

Eininga omfattar sjukeheim, heimetenestene, psykiatri, heildøgnsstilbod til funksjonshemma og dagsenterverksemd. Eininga har 62.05 årsverk fordelt på ca. 130 personar . Mange tilsette krev mykje i høve til opplæring og administrering. Revidert budsjett 2010 var i underkant av 40 mill.

Økonomi

2010 har bydd på ulike utfordringar som har påverka budsjettet. Avlastning for gruppa funksjonshemma samt høgt sjukefråvær og innleie av helsepersonell via byrå.

Eininga fekk i løpet av 2010 ei tilleggsøyving til avlastning for funksjonshemma.

Utfordringar for 2011 vil være i samband med;

- Arbeid med midlertidig drift og ny sjukeheim.
- Funksjonshemma (avlastning og meir tilrettelegging for enkelte brukarar).
- Heimerespirator.

GRUPPE SØR

Leia av Susanne Ulvenes og assisterande avd.leiar Wenche Steinsland.



Marit Lønnebakken, sekretær.

Ansvarsområde

Post 4 (10 plassar, eit rom vart i 2010 laga om til bad) og post 5 (7 plassar) på Samnangerheimen (SH), samt heimetenestene frå Haga til kommunegrensa mot Kvam og Fusa.

Post 4 og 5 er i den gamle delen av Samnangerheimen. Pasientane har ikkje egne toalett og bad.

Heimetenestene

	Praktisk bistand til reinhald	Berre heimesykepleie	Begge deler
2007	8	6	22
2008	5	11	18
2009	4	5	18
2010	4	4	15

GRUPPE NORD

Leia av Liv MB Høysæter og assisterande avd.leiar Kari Dyrhovden.

Ansvarsområde

Post 1 (6 plassar) og post 2 (7 plassar) på Samnangerheimen (SH), samt. heimetenestene frå Haga til kommunegrensa mot Os og Bergen.

Nattevaktene ligg på denne gruppa.

Post 1 og 2 ligg i den nye delen av Samnangerheimen. Alle romma har egne bad/toalett.

Heimetenestene

	Praktisk bistand til reinhald	Berre heimesjukepleie	Begge deler
2007	13	11	15
2008	10	10	18
2009	10	6	17
2010	10	8	17

Sjukefråvær i eininga gjekk opp i 2010. Noko kan relaterast til dei fysiske arbeidstilhøva på Samnangerheimen. Tronge rom, vanskeleg å nytte hjelpemiddel samt gamle golv som er vanskeleg å halde reine kan være noko av årsaka. Vidare har fleire tilsette vert gjennom sjukdomsforløp som ikkje er knytt til arbeidet i eininga. Det at me er IA bedrift gjev og nokre utslag.

Me håpar at ny sjukeheim med betre arbeidstilhøve for tilsette vil virke positivt inn på sjukefråværet.



Ninni Holmefjord (80 år og framleis vikar i eininga)

Personlyftar eit godt hjelpemiddel



Oversikt over sjukefråværet i pleie og omsorg.

2006	2007	2008	2009	2010
9,7 %	12,8 %	11,9 %	8,5 %	9,8 %

Vedtak og tildeling av plassar

	2008	2009	2010
Enkelt vedtak	138	165	227
Kortidsopphald	23	22	33
Avlastning u/bet	6	2	3
Langtidsopphald	13	8	8
Avslag	6	7	8
Dødsfall	11	15	10

TILSYN I 2010



Ernæring 5. og 6. oktober.

Tilsynet omfattar kommunens tiltak for å identifisere ernæringsmessig risiko og å førebyggje og følgje opp underernæring hos eldre personar som er brukarar av heimetenester, det vil seie heimesjukepleie og/eller praktisk bistand.

Avvik 1:

Kommunen sikrar ikkje at identifisering, kartlegging og oppfølging av tiltak for å førebyggje og behandle underernæring hos eldre som får heimetenester er i samsvar med gjeldande faglege retningslinjer.

Tiltak som er sett i verk for å lukke avvik:

1. Informasjon til tilsette

Eininga hadde to like opplæringsdagar for alle tilsette 21. og 22.oktober.

Dei tilsette fekk tilbakemelding på kva funn som vart avdekt under tilsynet. Kva som fungerte bra, kva me ikkje hadde på plass og kva me måtte setja i gang med for å få lukke avviket.

2. Informasjon til innbyggjarane

I samband med tilsynet ønskte me å gå breitt ut og informere innbyggjarane i Samnanger om korleis me no vil gå fram for å ivareta kravet om kartlegging av ernæring hjå brukarar av heimetenesta. Informasjon i Samningen (veke 45).

3. Opplæring

Tre sjukepleiarar deltok på kurs i regi av Fylkesmannen i Hordaland og Løvåsen Undervisningssykehjem på Voss 20.10.10 ” *Førebygging og behandling av underernæring hos eldre*”

Kari Dyrhovden, ass. Avd. spl gruppe Nord
Wenche Steinsland, ass. Avd. spl gruppe Sør
Siv Merete L Holdhus, spl gruppe Sør.

Vidare hadde Kari Dyrhovden og Siv Merete L Holdhus informasjon i palliativt forum

4. Cosdoc

Me tok kontakt med Acos for å sjå kva mogelegheiter som låg i systemet. Cosdoc har eit verktøy med ernæringsjournal som kommunen valte å ta inn i vårt elektroniske journalsystem. I denne journalen kan me registrere samt å kommentere kva tiltak som skal setjast i gang.

5. Prosedyrar

Eininga har laga nye prosedyrar etter tilsynet. Lett at prosedyrane vert for detaljerte. Me ønskjer å prøve desse ut før me konkluderer med korleis dei må være for å fungere best.

6. Samarbeid med kjøkenet

Prosedyrane tilseier at kjøkenet no skal bistå både i forhold til pasientar inne på Samnangerheimen og ute i heimetenesta. Me har prøvd dette ut på fleire pasientar med godt resultat.

Kvar avdelingsleiar og gruppeleiar har no ansvar for å lære opp dei tilsette i nye prosedyrar.

I samband med arbeidet med nye prosedyrar ser me at det er ein vanskeleg balanse mellom det å ivareta innhald/krav i forskrift samt at prosedyren skal verte lett forståeleg for alle som skal nytte den.

Me vil prøve ut prosedyren og ernæringsjournalen og vurdere dei på nytt innan 01.06.11.

VIKTIGE HENDINGAR

- **Vedtak ny sjukeheim**

Kommunestyret gjorde hausten 2010 følgjande vedtak: *KS-050/10*

Kommunestyret viser til saksutgreiing med vedlegg i sak 37/10 handsama 30. sept. -10. det vert arbeidd vidare med alternativ 3. det vert utarbeidd eit byggjeprogram som skal danna grunnlag for innbyding til anbodsrunde. Oppvekst- omsorgsutvalet vert framleis styringsgruppe for prosjektet. Prosjektgruppa held fram og knyter til seg konsulent. PØ skal saman med administrasjonen utarbeida framlegg til finansiering.

Styringsgruppa får utvida mandat til å greia ut korleis heimen i framtida kan utvidast med 8 plassar meir enn dei 31 som er lagt inn i prosjektet.

Arbeidsgruppa på Samnangerheimen:
Susanne Ulvenes (avd.leiar Sør)/ sjukepleiar
Ingmund Blom (kjøkken)/ kokk
Anne Karin Røsseland (dagsenter)

Solveig Fanebust (leiar reinhald) fagbrev reinhald
Janne Drevsjø (HTV NSF)/ sjukepleiar
Heidi Gjerde(HTV Fagforbundet)/ hjelpepleiar
Odd Agnar Eikås (verneombod) helsefagarbeidar
Grete Lill Hjartnes (plo leiar)/ sjukepleiar
Kristian Jansen/ Jacob Norup (tilsynslege)/ lege
Åse W Tveit (kommunefysioterapaut/ hovedverneombod)/ fysioterapaut

- **Årsturnus m/timebank**

Eininga laga for andre år på rad årsturnus. Leiarane og tillitsvalte har saman arbeidd ut turnusavtale og turnusplan. Eit omfattande arbeid, men eit arbeid som løner seg både for leiarar og tilsette. Tilsette kan i større grad planleggje eiga arbeidstid og fritid. Leiarane slepp alle hjelpeturnusane (påske, pinse/mai, sommar og jul) og får tid til andre oppgåver. I tillegg har dei tilsette ”timebank” der dei har mogelegheit for å styre eiga fritid betre.

- **Bad post 4**

Post 4 har no fått eit ekstra bad. Badet gjer at samla tal sjukeheimsplassar no er nede i 30 (eigentleg 31 på SH). At 10 pasientar no deler to bad i staden for tidlegare då 11 pasientar delte eit bad er godt for både pasientar og tilsette.

- **Meir tilsynslege**

Kristian Jansen er 3 timar her kvar torsdag i tillegg til at Jacob Norup er kvar tysdag. Dette er positivt og ei betring samanlikna med tidlegare. Me ser likevel at me er sårbare viss me framleis har legevakt i Os og at samhandlingsreforma vil medføre meir komplisert pleie i Samnanger.

- **Prosedyrar**

Eininga har fått ferdigstilt fleire prosedyrar og fått dei ut til tilsette (medikamenthandtering, tildeling av tenester, ernæring med meir).

- **Ikkje utskrivningsklare pasientar liggjande på sjukehus.**

Statistikken frå Helse Bergen syner at Samnanger kommune ikkje har utskrivningsklare pasientar liggjande på sjukehus. Me greier å ta pasientane attende til kommunen anten til eigen heim eller til Samnangerheimen.

- **Iplos**

Iplos er eit verktøy for innsamling og systematisering av opplysningar om brukarar av og søkjarar til kommunale tenester. Det har vore ein treg start for oss med fleire utfordringar. No ser me likevel at me blir tryggare og at me i større grad greier å levere det som vert kravd.



Politikarane fekk omvisning på Samnangerheimen.

UTFORDRINGAR

- **Ny sjukeheim/midlertidig drift**

Eininga står framføre store utfordringar i samband med planlegging av ny sjukeheim samt midlertidig drift. Det er mange avgjere å ta samt mange innspel og meiningar. Det at tilsette i tillegg til andre oppgåver skal ha fokus på dette er utfordrande. Det er likevel viktig å ha fokus på målet om ny sjukeheim som vil bety mykje for pasientar, pårørande og tilsette.

- **Samhandlingsreforma**

Arbeidet med den nye samhandlingsreforma er godt i gang. Nytt lovverk har vore ute på høyring samt at det er sagt at frå 01.01.12 skal reforma tre i kraft. Det er framleis mykje usikkerheit knytt til reforma og Samnanger vel å ”liggje litt på været”. Me greier allereie å ta mange medisinske utfordringar i kommunen samt at me ikkje har utskrivingsklare pasientar liggjande på sjukehus. Det vil likevel være viktig at me bur oss på nye oppgåver. Dette kan være oppgåver me bør dele med andre kommunar. I samband med dette er det sett ned ei gruppe for å vurdere om Fusa, Os og Samnanger kan samarbeide innan nokre områder.

- **Heimerespirator**

Eininga har no ansvar for ein heimebuande pasient på respirator. Pasienten vart kobla til respirator rett før jul. Minimum bemanning er 1:1 og for å gjere mange prosedyrar må ein på dagvakter være 2:1. Samnanger kommune ville ikkje kunne greie denne bemanninga med eige personell. Me har difor gått inn på eit samarbeid med Vacant Helse som leiger ut helsepersonell til slike oppgåver.

- **Samarbeid med S.Os legevakt**

Me ynskjer å fortsetje samarbeidet med S.Os-legevakt.

Men me ønskjer sterkt ein gjennomgang av samarbeidet og rutinar.

Våre sjukepleiarar gir ulike tilbakemeldingar ang. kontakten med S.Os-legevakt.

Det har vore god fagleg kontakt og bra samarbeid med sjukepleiar og lege i mange tilfeller.

Men sjukepleiarane har og opplevd å stå i vanskelege situasjonar når lege/ ambulanse ikkje rykker ut ved akutte situasjonar der sjukepleiar meiner det er nødvendig.

Det har og vore episodar der ein ikkje sender ambulanse. Eller der ambulansen kjem på visitt, men ikkje tar med seg pasient til legevakta sjølv om den lokale sjukepleiaren meiner det er naudsynt.

Dette gjer at nokre av våre sjukepleiarar opplever usikkerheit på kveld / natt og helg.

Dei føler ikkje at dei har nødvendig legedekning i ryggen.

Me vonar at den gjennomgangen som no vert gjennomført vil rette på dette.

- **Tekninske løysingar/program**

Eininga har for dårleg/manglande utstyr for å lette arbeidsprosessar. Framleis har me manuelle timelister der me bruker unødvendig mykje tid på føring, kontroll, tilvisning og registrering (løn-og personal). Burde hatt turnusar som var knytt opp til eit program for timelister.

- **Multidose**
Fleire arbeidsoppgåver har ført til at me har utfordringar med å dosere medisin sjølve. Me treng å frigje tid til oppgåver knytt direkte til pleie av pasientane. Fleire kommunar nyttar multidose og me ønskjer å innføre dette heilt eller delvis hjå oss. Då vil medisinane verte dosert sentralt og sendt til oss/brukarane i ferdige dosepakkar.
- **Ny avdelingsleiar gruppe Nord**
Det skal tilsetjast ny avdelingsleiar frå april. Dette er spennande, men og utfordrande. Travle tider og mykje å setja seg inn i.
- **Ny sekretær/konsulent**
Det vil skje endringar i samband med tilsetjing av sekretær/konsulent. Det vil då være tilsett 3 personar som på ein god måte skal dele oppgåver mellom seg samt i større grad avlaste leiarane.



KJØKKEN

Ansvarsområde

Kjøkkenpersonale og kjøkkendrift.

Levering av varm mat til heimesjukepleie, bufellesskap, dagsenter og Samnangerheimen.

Måloppnåing

Det vart utlevert nesten 4039 middagar til heimebuande.

Gode tilbakemeldingar frå brukarane. Felleslunsj på fredag er intakt.

Meir fokus på ernæring. Tilsynet me hadde i samband med ernæring har og involvert kjøkkenet. No deltek dei aktivt rundt pasientar med utfordring knytt til ernæring. Mellom anna har kokken samtale med kvar enkelt pasient som treng tett oppfølging og tilrettelagt kost. Dette gjeld pasientar med dårleg appetitt og fysiske utfordringar i samband med inntak av mat.

ARBEIDSTOVA

50% stilling, med arbeidstid måndag, onsdag og fredag (08.00 – 14.30).

Det er ca 20 personar som nyttar dette tilbodet i løpet av veka.

Aktivitøren avlastar post 2 og 5 med tillaging av frukost.

Aktivitøren har og ansvar for innkjøp og pynting til arrangement og høgtider samt blomar til utebeplantning. Aktivitøren er og leseombud i kommunen. Aktivitetar; bingo, trim, song, høgtlesing, maling, baking, strikking, toving, veving med meir.

DAGSENTER

Opningstid er måndag, tysdag og torsdag, kl. 9.00 –15.00 (inkl transport)

Dagsenteret var stengt 4 veker i sommar. Brukarar som hadde behov for dagtilbod i denne perioden fekk tilbod på Samnangerheimen.



Ei god stund rundt bordet

Tilbod:

- Transport til og frå dagsenteret (frivillige kjører ikkje lenger og dei tilsette ved dagsenteret må ta denne oppgåva).
- Informasjon om hjelpemidlar, råd om heimesituasjonen, influensavaksine, tenester frå plo med meir.
- Følgje til lege/tannlege.
- Nokre får frukost (spesielle behov) og bad.
- Alle får middag.
- Utlån av bøker
- I år gjekk fellesturen til Osterøy med omvisning i Ole Bull huset.
- I haust arrangerte dagsenteret stor Ole Bull konsert i arbeidskyrkja på Haga. Program ved Nils Økland (fiolin og hardingfele) og Sigbjørn Apeland (trøorgel og piano). Alle eldre i Samnanger fekk tilbod om å delta.
- Julebord i desember.
-

Oversikt over tal brukarar fordelt på tilbod

	2 dagar / veke eller meir	1 dag / veke	1 dag / annakvar veke
2005	5	14	9
2006	4	12	6
2007	4	14	4
2008	2	15	2
2009	4	13	1
2010	5	15	0

PSYKIATRI

Ansvarsområde

3 tilsette (psykiatrisk sjukepleiar/koordinator i 100%, psykiatrisk sjukepleiar i 50% og psykiatrisk hjelpepleiar i 50%). Arbeidsoppgåvene er allsidige i psykiatri: samtalar, fylgje til bank, post, butikkar, lege, sosialkontor, hjelp med medisinar, tillaging av dosettar, personleg hygiene, kjøring og henting ved sjukehus eller poliklinikk, kontakt med politi og prest.

Dagsenter x 1 pr veke (dagsenter, bading eller anna aktivitet).

Samarbeid med 2.linetenesta. Faste samarbeidsmøte kvar månad med Solli sykehus/poliklinikk.

Måloppnåing

- Dei fleste brukarane har no fått skriftleg vedtak på psykiatrisk sykepleie.
- Iplos registrering av brukarane i cosdoc.
- God kontakt med fastlegane, NAV og sosialkontor.
- Leiar for psykiatritenesta har hatt opplæring for alle tilsette i eininga om ulike diagnosar.

Utfordringar

- Fortsetja arbeidet ein har i dag, men og sjå vidare mot andre grupper som kanskje burde hatt ein form for tilbod. Ungdom? Flyktningar?
- Passa på at tilbodet ein gjev, samsvarar med vedtaka.
- Samarbeidsreform, moglege samarbeid med andre kommunar.

FUNKSJONHEMMA.

Ansvarsområde

Koordinator for funksjonshemma har ansvar for bufellesskapa på Skottebakken og Haga, aktivisering og dagtilbod for personar med nedsett funksjonsevne (sjåfør, støtte-/fritidskontaktar, avlastning, besøksheimar, ansvarsgrupper og individuelle planar).

Måloppnåing

- Brukarane i Samnanger har tilbod om å delta på klubb i Fusa ein kveld i veka. Tilbodet er populært og me ønskjer å halde fram samarbeidet.
- Tre av brukarane våre har avlastningstilbod i Øystese kvar 3. Helg.
- Avlastning på Vevlestova for brukarar i Samnanger.

- Både bebuarar på Skottabakken og Haga har fått eigen bil tilrettelagt for funksjonshemma.
- Kurs for pårørande og personale i samarbeid med Fusa om tema venskap, parforhold og seksualitet, utfordringar for personar med utviklingshemming.(ca.30 deltakarar)
- Dagsturar for bebuarane i bufellesskapa og nokre heimebuande.(Har hatt to fine dagar på sjøen i båtar tilpassa rullestolbrukarar i Os og Fana.)
Deltaking på friluftsløir i Aldalen. Haustfest for funksjonshemma.

Utfordringar

- Samla butilbodet på ein stad. Fungerer dårleg med 2 bufellesskap. I tillegg ventar fleire heimebuande på eit tilbod. Fleire i denne gruppa er ungdomar og det er naturleg å starte proses med utflytting frå foreldre.
- Manglande dag- og arbeidstilbod for fleire personar.
- Fleire barn og unge med trong for støttekontakt/fritidskontakt (lov om sosiale tenester).
- Stor mangel på støttekontaktar/fritidskontaktar Auke godtgjersla for støttekontakt for lettare å rekruttere. I samband med budsjett 2011 vart det bestemt at dette skal opp som eiga sak.
- Rekruttera fleire støtte-/ fritidskontaktar.
- Manglar i bassenget gjer at brukarane framleis ikkje kan nytte tilbodet.
- Etterkome ynskje om ferieturar.
- Opplæring.i sosialtenestelova § 4a, bruk av tvang overfor personar med utviklingshemming for alle som yt tenester til brukarane på vegne av Samnanger kommune .
- Organisering av tenesta. Kven skal ha dei ulike oppgåvene i samband med auka behov og oppfølging både av brukarar, pårørande og tilsette. Meir kompliserte problemstillingar der fleire einingar er part i den hjelpa/bistanden brukar skal ha.

Kommunestyret

Saksnr	Sakstittel
01/10	Faste saker
02/10	Fleirbrukshall i Samnanger
03/10	Styringsgruppe og organisering av arbeidet med ny skulestruktur i Samnanger
04/10	Nytt regulativ for avgifter teknisk sektor og fastsetting av prisar for 2010
05/10	Festeavgift 2010 - Ny handsaming
06/10	Finansiering miljøgata Ytre Tysse
07/10	Samnanger kyrkje - Nybygg, pauserom og toalett til tilsett - søknad om tilleggsøyving
08/10	Kommunale vegar
09/10	Faste saker
10/10	Årsmelding 2009
11/10	Godkjenning av kommunerekneskapen 2009
12/10	Årsmelding 2009 frå kontrollutvalet
13/10	Godkjenning av energi - og klimaplan for Samnanger kommune
14/10	Avfallsplan BIR Privat 2010-15
15/10	Organisering av arbeidet med næringsutvikling i Samnanger kommune
16/10	Ny skulestruktur 2010 - oppretting av styringsgruppe
17/10	Interkommunalt samarbeid på brann og feiing
18/10	Områdeplan for Bjørkheimsområdet - finansiering
19/10	Tilleggsøyving Norskopplæring av flyktningar i grunnskulen
20/10	Vest-Norges Brusselkontor
21/10	Norheimsund Industrier AS - førespurnad om teikning av aksjer
22/10	Val av revisor for Samnanger kommune
23/10	Fritak frå kommunale verv 2010-11 - Marion Langhelle Pedersen. Val av representantar
24/10	Faste saker
25/10	Betalingsvedtekter i SFO frå hausten 2010
26/10	Tilleggsøyving - finansiering av avlastingstiltak funksjonshemma
27/10	Busetjing av flyktningar i 2010 -2011.
028/10	Endring av vegnamn i Samnanger. Rødsvegen
29/10	Strategisk næringsplan for Bergensregionen
30/10	Lovlegkontroll kommunestyret - kommunestyresak 23/10
31/10	Fritak frå kommunale verv 2010-11 - suppleringsval
32/10	Økonomiplan 2011 - 2014
33/10	Søknad om auka frikjøp for hovudtillitsvald i Fagforbundet - tilleggsøyving
34/10	Tariffrevisjonen 2010 - uravstemming
35/10	Kraftledning mellom Sima og Samnanger - oppstart i Samnanger, nedsetjing av arbeidsgruppe og mandat.
36/10	Faste saker
37/10	Utbygging ved Samnangerheimen
38/10	Finansiering Ytre Tysse

39/10	Budsjettkontrollrapport 3.kvartal 2010 - tilleggslyøving
40/10	Norheimsund Industrier AS - likviditetslån for utestående del av emisjon.
41/10	Bergensalliansen - invitasjon til Samnanger kommune om deltaking.
42/10	Samarbeidsavtale med Lolland kommune om ny, fornybar energi som grunnlag for vekst og grøn næringsutvikling
43/10	Barnas representant og sekretær og Ungdomsrådet
44/10	Vinmonopolutsal i Samnanger
45/10	Faste saker
46/10	Finansreglement
47/10	Fastsetjing av budsjettrutiner knytt til utarbeiding av budsjett for kontrollutvalet
48/10	Bir Privat - renovasjonsavgift 2011.
49/10	Rettleiande satsar/retningslinjer, økonomisk sosial hjelp
50/10	Utbygging ved Samnangerheimen - vidareføring av prosjekt med utgangspunkt i kommunestyrevedtak 30.09.10
51/10	Faste saker
52/10	Kommunale avgifter og gebyr 2011
53/10	Husleige kommunale bygg
54/10	Renovasjonsavgift 2011 -ny handsaming
55/10	Ungdomsrådet - overføring av midlar frå 2010 til 2011
56/10	Tilleggslyøving 2010 - pensjon til tidlegare tilsette i Midthordland revisjonsselskap
57/10	Godtgjering til ordførar og varaordførar og andre politisk valde 2011
58/10	Interkommunalt samarbeid på brann og feiing
59/10	Ny mannskapsbil til brannvesenet
60/10	Styrking av barnevernet
61/10	Kommunesamarbeid om lovfesta krisesentertilbod
62/10	Budsjett 2011 - kontrollutvalet
63/10	Budsjett 2011
64/10	Økonomiplan 2011 - 2014
65/10	Byggjeprogram for Samnanger barneskule
66/10	Politisk organisering - tal representantar i kommunestyret 2011 - 2014

Kommentar:

Sak 42 Endeleg signering vil skje til våren ved besøk av representantar frå Lolland kommune. Sak 44 Vinmonopol i Samnanger. Søknad er sendt for kort tid sidan. Me har motteke svar med orientering om vidare saksgang. Vinmonopolet har handsaming av søknadane ein gang pr. år i oktober.

Naturutvalet

Saksnr	Journaltittel
01/10	Faste saker
02/10	Ridebane og parkeringsplass gnr 19, bnr 8
03/10	Byggjesak forretningsbygg Bjørkheim gnr 18, bnr 209.
04/10	Veg fram til grensejustering på gnr 18, bnr 76
05/10	Endring av reguleringsplan Ytre Tysse - endeleg vedtak
06/10	Delingssak gnr 26 bnr 4
07/10	Kommunale vegar
08/10	Faste saker
09/10	Områdeplan for Bjørkheimsområdet
10/10	Byggjesak forretningsbygg Bjørkheim gnr 18, bnr 209.
11/10	Godkjenning av energi - og klimaplan for Samnanger kommune
12/10	Byggjesak naust gnr 24, bnr 289
13/10	Byggesak - naust GNR3, bnr 61
14/10	Flytebryggja gnr 17, bnr 25
15/10	Flytebryggje gnr 25, bnr 148.
16/10	Byggjesak tilbygg hytte gnr 34 bnr 21
17/10	Dispensasjon frå Kommuneplanen for oppdrettslokalitet ved Sagen
18/10	Byggesak, generasjonsbustad gnr 24 bnr 9
19/10	Bygging av kvilebu gnr 8, bnr 1
20/10	Riving av gammalt naust og oppattbygging av nytt
21/10	Delingssak og rekvisisjon av kartforretning gnr 43, bnr 150
22/10	Tilskotsmidlar til Spesielle Miljøtiltak I Landbruket – SMIL – ny tiltaksregi 2010-2012
23/10	Interkommunalt samarbeid på brann og feiing
24/10	Faste saker
25/10	Byggjesak 2 naust gnr 24, bnr 270
26/10	Byggesak, generasjonsbustad gnr 24 bnr 9
27/10	Delingssak Gnr 32 bnr. 6
28/10	Delingssak gnr 34, bnr 207
29/10	Delingssak gnr 24, bnr 22
30/10	Delingssak gnr 23, bnr 3
31/10	Faste saker
32/10	Byggjearbeid g/bnr. 27/24, Tysse
33/10	Byggjesak endring av bygg hytte gnr 33, bnr 136
34/10	Byggjesak - Delvis riving av hytte og anneks og oppføring av ny hytte gnr 37, bnr 21
35/10	Byggjesak flytebryggje / badeplattform gnr 23, bnr 4 Haukanes
36/10	Byggjesak bod gnr 24, bnr 253
37/10	Byggjesak utviding av veranda m/takoverbygg gnr 25, bnr 157 Steinsland
38/10	Byggjesak soveanneks gnr 33, bnr 91

39/10	Delingssak gnr. 25 bnr 7 Steinsland
40/10	Delingssak gnr 3, bnr 9 Våga
41/10	Delingssak gnr 18, bnr 10 Reistad
42/10	Delingssak gnr 24, bnr 9 Gjerde
43/10	Delingssak gnr 24, bnr 48, 55 Lønnebakken
44/10	Delingssak gnr 25, bnr 5 Steinsland
45/10	Delingssak og rekvisisjon av kartforretning gnr 28, bnr 4 Tveiterås
46/10	Delingssak gnr.29 bnr. 24 Tveit
47/10	Delingssak Gnr 32 bnr. 6 Kvitingen
48/10	Delingssak gnr 34, bnr 207 Eikedalen
49/10	Delingssak gnr 35, bnr 3 Børdal
50/10	Faste saker
51/10	Delingssøknad gnr.18 bnr.7 Reistad
52/10	Byggjesak garasje gnr 31, bnr 60 Grønsdal
53/10	Byggjesak, påbygg og heving av tak på hytte gnr 34, bnr 43 Eikedal
54/10	Søknad om bruksendring av naust gnr.44 bnr.67 Gaupholm (Nygård)
55/10	Områdeplan for Bjørkheimsområdet - vurdering av avgrensing av området
56/10	Faste saker
57/10	Byggesak - riving av eksisterande hytte og nybygg gnr 8 bnr 21 Gullbotn
58/10	Byggesak, fritidsbolig Gnr.4 bnr.17 Trengereidfjorden
59/10	Delingssak og rekvisisjon av kartforretning gnr 28, bnr 4
60/10	Veg over gnr 31, bnr 60 til hytte på gnr 31, bnr 52 - Grønsdal
61/10	Byggjesak garasje gnr 31, bnr 60 - Grønsdalen
62/10	Bruksendring gnr. 3, bnr. 16 Våge og gnr. 3 bnr.18
63/10	Forurensing - lagring av avfall
64/10	Spørsmål frå Hordaland Bondelag om å vera høyringsinstans for arealsaker i Samnanger

Kommentar:

Sak 2 ikkje utført då den ikkje lenger er aktuell.

Sakene 6, 27, 41, 42, 43, 44, 46, 47 og 51 er oversendt til oppmåling. Dette vert gjort når vinteren er omme.

Sakene 12, 21 og 29 er ikkje ferdige.

Sak 15 er fortsett til handsaming.

Sakene 45, 58 og 59 er avløyst av nye saker som er til handsaming i 2011.

I tillegg kan me gje fylgjande tilbakemeldingar på problemstillingar som har vore oppe.

Fartsdumpar på Ytre Tysse vart utsett pga. vinter og frost. Vert utført med det første. Hyttefelt i Eikedalen har krav på å leggje attende vegar som er bygd i samband med utbygginga. Dette er kjend for eigarane, men pga. konkurs hjå utbyggjar er det her stillstand.

Oppvekst og omsorg

Saksnr	Journaltittel
01/10	Faste saker
02/10	Faste saker
03/10	Fredskorpssamarbeidet.
04/10	Kompetanseutvikling grunnskulen 2009-12 - strategiplan
05/10	Leksehjelp
06/10	Fag- og timefordeling 2010 barnetrinnet
07/10	Ny skulestruktur 2010 - oppretting av styringsgruppe
08/10	Strategi for skulane i Samnanger 2010-2013
09/10	Kulturmidlar 2010
10/10	Kulturstipend 2010
11/10	Utbygging ved Samnangerheimen - organisering av planarbeidet
12/10	Faste saker
13/10	Busetjing av flyktningar i 2010 -2011.
14/10	Motocrossbane på Sævild
15/10	Kjøp av dirigenteneste for skulemusikken
16/10	Fabrikkpipe Safa
17/10	SFO - vedtekter - revisjon
18/10	TV-aksjonen 2010 - val av kommunekomite
19/10	Faste saker
20/10	Utbygging ved Samnangerheimen
21/10	Vinmonopolutsal i Samnanger
22/10	Faste saker
23/10	Rettleiande satsar/retningsliner, økonomisk sosial hjelp
24/10	Høyring - byggjeprogram utbygging Samnanger barneskule
25/10	Faste saker
26/10	Byggjeprogram for Samnanger barneskule

Merknad

Sak 14 Det er eit krav om at det må lagast reguleringsplan i området. Samnanger kommune har gitt ei løyving til planlegginga. Kulturkontoret har kontakt med dei lokale interessentane og yter dei rådgjeving m.m. Tiltaket må behandlast i plan for fysiske anlegg for idrett.

Sak 16 Dette vil det verta arbeidd med når i etterkant/tilknytning til miljøgateprosjektet på Ytre Tysse.

Personal og økonomi

Saksnr	Journaltittel
01/10	Faste saker
02/10	Fleirbrukshall i Samnanger
03/10	Styringsgruppe og organisering av arbeidet med ny skulestruktur i Samnanger
04/10	Søknad om tilskot frå Næringsfondet til etablering av heste-/ridesenter - Gro Bauge
05/10	Arbeidsgjevarpolitikk strategiske val - uttale til KS 2010
06/10	Nytt regulativ for avgifter teknisk sektor og fastsetting av prisar for 2010
07/10	Festeavgift 2010 - Ny handsaming
08/10	Planlegging av industriareal Rolvsvåg
09/10	Faste saker
10/10	Finansiering miljøgata Ytre Tysse
11/10	Tilleggsøyving - kyrkja - investerings- og vedlikehaldsprosjekt
12/10	Samnanger kyrkje - Nybygg, pauserom og toalett til tilsett - søknad om tilleggsøyving
13/10	Faste saker
14/10	Årsmelding 2009
15/10	Godkjenning av kommunerekneskapen 2009
16/10	Avfallsplan BIR Privat 2010-15
17/10	Områdeplan for Bjørkheimsområdet - finansiering
18/10	Næringsbygg på Bjørkheim - finansiering
19/10	Norskoplæring for flyktningar grunnskulen
20/10	Barnehageopptaket 2010 - Oppretting av midlertidleg avdeling hausten 2010.
21/10	Tilskot frå Næringsfondet - Fjordtønna
22/10	Vest-Norges Brusselkontor
23/10	Norheimsund Industrier AS - førespurnad om teikning av aksjer
24/10	Organisering av arbeidet med næringsutvikling i Samnanger kommune
25/10	Søknad om tilleggsøyving - medaljetildeling
26/10	Faste saker
27/10	Søknad om auka frikjøp for hovudtillitsvald i Fagforbundet - tilleggsøyving
28/10	Skifte av pasientjournalmodul på legekantoret
29/10	Betalingsvedtekter i SFO frå hausten 2010
30/10	Økonomiplan 2011 - 2014
31/10	Tilleggsøyving - finansiering av avlastingstiltak funksjonshemma
32/10	Økonomiplan 2011 - 2014
33/10	Søknad om tilskot til oppsetting av veglys knytt til hestehald
34/10	Skuleveg Samnanger barneskule 2010
35/10	Faste saker
36/10	Finansiering Ytre Tysse
37/10	Søknad om tilskot frå Næringsfondet i høve tildelt drosjeløyve - Trond Haga
38/10	Tilskot frå Næringsfondet - Solbjørg Drift A/S

39/10	Norheimsund Industrier AS - likviditetslån for utestående del av emisjon.
40/10	Samarbeidsavtale med Lolland kommune om ny, fornybar energi som grunnlag for vekst og grønn næringsutvikling
41/10	Faste saker
42/10	Fastsetjing av budsjettrutiner knytt til utarbeiding av budsjett for kontrollutvalet
43/10	Finansreglement
44/10	Bir Privat - renovasjonsavgift 2011.
45/10	Faste saker
46/10	Kommunale avgifter og gebyr 2011
47/10	Festeavgift 2011
48/10	Tilleggslyyving pleie- og omsorgstenestene
49/10	Budsjett 2011
50/10	Økonomiplan 2011 - 2014
51/10	Faste saker
52/10	Budsjett 2011 - kontrollutvalet
53/10	Interkommunalt samarbeid på brann og feiing
54/10	Husleige kommunale bygg
55/10	Godtgjering til ordfører og varaordfører og andre politisk valde 2011
56/10	Renovasjonsavgift 2011 -ny handsaming
57/10	Søknad om tilskot til utgreiingsarbeid for motorcrossbane
58/10	Lønfastsetjing for rådmann og assisterande rådmann
59/10	Kommunesamarbeid om lovfesta krisesentertilbod
60/10	Tilleggslyyving 2010 - pensjon til tidlegare tilsette i Midthordland revisjonsselskap

Kommentar:

Sak 8 planlegging av industriområdet på Rolvsvåg er ikkje starta opp. Det vert no henta inn tilbod på arbeidet.